

# Klamme former og sær skriving?

**Språklege rettar, sidemål og rettskriving i ein ny skulealder**

Sigfrid Tvitekkja (red.)

# Klamme former og sær skriving?

**Språklege rettar, sidemål og rettskriving i ein ny skulealder**

© 2009 Språkrådet  
Grafisk utforming og trykk: Kursiv Media AS  
Opplag: 1000

ISBN 978-82-997266-4-1  
ISSN 1891-4977

# Innhald

Kunnskapsløft for nynorsk? Nynorsk i lesebøker etter oppheving av godkjenningsordninga .....	6
<i>Av Norunn Askeland</i>	
Valfridom i nynorsk – eit problem for eleven? .....	18
<i>Av Anders Aanes</i>	
Fritekne – eller utelatne? .....	44
<i>Av Astrid Syse Talsethagen</i>	
Sammensatte ord i nye norskverk .....	64
<i>Av Magnhild Vollan</i>	

# Føreord

Med dette skriftet etablerer Språkrådet ein ny skriftserie som tek opp tråden etter serien som Norsk språkråd, forgjengaren til Språkrådet, gav ut fram til 2000. Med «Språkrådets skrifter» vil vi synleggjere emne som det ligg til samfunnsmandatet vårt å vere opptekne av.

Dette nummeret handlar om norskfaget. Aldri før har læreplanane framheva så tydeleg at lesing og skriving er dei mest grunnleggjande ferdigheitene for all læring. Samstundes veit vi at lesing og skriving heng i hop: Ein blir ikkje ein god skrivar utan å lese mykje. Korleis er vilkåra i dag for å lære norsk godt?

Første artikkel kastar ein brannfakkell mot lesebøkene i klasseromma: «Nynorsk er [ ] på veg til å bli eit svært lite sidemål for bokmålelevar og eit verkeleg sidemål for nynorskelevar.» Skriveforskar Norunn Askeland har gått til lesebøkene i ungdomsskulen og spør korleis det har seg at enkelte norsklesebøker i 2009 inneheld berre ein tredel så mykje nynorsktekst som det Kyrkje- og undervisningsdepartementet tidlegare meinte måtte til for å lære å lese og skrive nynorsk. Kva har skjedd etter at Språkrådet ikkje lenger godkjenner språket i lærebøker, og reglane som sytte for fordeling av bokmåls- og nynorskstoff i lesebøkene vart tekne bort? Vi lærer å skrive ved å lese, seier Askeland, som òg har registrert at sjangerutvalet i tekstsamlingane ofte er for einsidig. Nynorsk sakprosa er til dømes usynleg i enkelte læreverk.

I 2007 vedtok styret i Språkrådet å revidere nynorskrettskrivinga. Dei gjekk inn for «ei tydeleg, stram og enkel nynorsknorm utan sideformer». Uavhengig av språkrådsvedtaket har Anders Aanes skrive ei masteroppgåve som er aktuell i samband med dette: Er valfridomen i nynorsk ei ulempe eller ein fordel for eleven? Aanes har intervjuet 282 elevar i Møre og Romsdal. «Mye klammeformer gjør at jeg kommer unna med mer bokmålsord enn jeg burde, lærer ikke hva som er rett nynorsk da», seier ein bokmålelev. Enkelte elevar oppfattar truleg klammeformer som mindre korrekte, ikkje innafor norma. Undersøkinga ser på haldningsmålingar og òg på faktisk kunnskap om rettskrivinga hos elevane.

Masteroppgåva til Talsethagen frå 2008 handlar om fritaksregelen i opplæringslova som inntil nyleg gav alle minoritetsspråklege elevar rett til å bli fritekne for vurdering i norsk sidemål. Talsethagen ynskte å finne korleis dette fritaket slo ut for undervisninga og for elevane. Kva for pedagogiske, språklege og integreringsmessige konsekvensar kunne fritaket føre til, og var fritak for vurdering i røynda fritak for opplæring? Fritaksreglane har hatt utilsikta konsekvensar både for dei fritekne elevane og for dei elevane som får sidemålsundervisning, hevdar ho. – Nye forskrifter frå 2009 gjev ikkje lenger elevar med andre morsmål enn norsk, samisk, finsk og teiknspråk automatisk rett til fritak frå vurdering i norsk sidemål.



Ei gransking gjord av Synovate for Språkrådet syner at to av tre nordmenn meiner skulen gjer for lite for å lære elevane å skrive riktig. Ein feil som har fått auka omfang i skrift i den seinare tida er særskriving av samansette ord. Mange har prøvd å kome dette til livs ved å ta opp temaet på ein humoristisk måte, slik m.a. tv-serien «Typisk norsk» gjorde det i 2005. Men kva lærer lærebøkene barn om dette? Magnhild Vollan har funne at dei fleste lærebokforfattarar meiner særskriving bør tematiserast eksplisitt i norskfaget, sjølv om læreplanen formulerer kompetansemål om rettskriving nokså vidt. Ho har granska fire nye norskverk for 3.–7. trinn og vurderer korleis emnet særskriving blir presentert pedagogisk.

Artiklane står for bidragsytarane si rekning.

Sigfrid Tvitekkja  
fagkoordinator i Språkrådet

# Kunnskapsløft for nynorsk?

## Nynorsk i lesebøker etter oppheving av godkjenningsordninga

Av Norunn Askeland

### Samandrag

Dei nye lesebøkene for ungdomsskulen etter Kunnskapsløftet har langt færre tekstar på nynorsk enn det som var tilfellet før godkjenningsordninga for lærebøker vart oppheva i år 2000. Dette gjeld både bokmålsutgåver for elevar med nynorsk som sidemål og fellesutgåver for begge målformer. Nynorsk er dermed på veg til å bli eit svært lite sidemål for bokmålslevar og eit verkeleg sidemål for nynorskelevar. Dette er i strid med opplæringslova. Ansvar for lovbrøtet ligg i Kunnskapsdepartementet.

### Innleiing

«Det er vanskeleg å finne mange nok og gode nok tekstar på nynorsk til lesebøker», var ein replikk eg stundom fekk høyre då eg var redaktør for norskfaget i ungdomsskulen i Aschehoug forlag sist på 1980-talet. Dette galdt særleg når det skulle lagast lesebøker for elevar med bokmål som hovudmål. For meg som er fødd inn i den nynorske skriftkulturen, var dette ein underleg replikk, og ung som eg var, sette eg mi ære i å vise at folk som sa slikt, tok grunnleggjande feil. Til all lukke fekk eg arbeide saman med røynde lærebokforfattarar som tenkte det same<sup>1</sup>.

Gjeldande læreplan den gongen, *Mønsterplan for grunnskolen (M87)*, tilrådde at forholdet mellom hovudmål og sidemål i det stoffet elevane skulle lese frå 5. til 9. klasse, burde vere 2/3 hovudmål og 1/3 sidemål. Desse reglane, også kalla kvotefordelingsreglane, var utarbeidde av Norsk språkråd og fastsette av Kyrkje- og undervisningsdepartementet i 1978. Reglane galdt anten læreboka var ei bokmålsutgåve eller ei nynorskutgåve. Dersom leseboka var fellesutgåve for bokmål og nynorsk, godtok Norsk språkråd ei prosentvis fordeling på 60/40. På den tida var det altså Norsk språkråd som stod for den språklege granskinga av lærebøker og som også såg til at kvotefordelingsreglane vart følgde. Redaktørar og forfattarar måtte telje sider og sørge for å ha nok tekstar i bøkene på både bokmål og nynorsk, elles ville ikkje boka bli godkjend som lærebok til bruk i grunnskulen<sup>2</sup>.

- 1 På den tida arbeidde eg saman med forfattaren Bjørn Elling Solheim, som blant anna redigerte *Aschehougs litteraturserie for ungdom* i ti bind, med både sakprosa og skjønnlitteratur, inkludert ungdomslitteratur på både bokmål og nynorsk. Han omsette også utanlandsk litteratur til nynorsk til bruk i lesebøkene.
- 2 I godkjenningsprosessen måtte det også takast omsyn til fordeling mellom kvinnelege og mannlige forfattarar, ulike landsdelar burde vere representerte, samisk og nordisk litteratur måtte med og ikkje minst måtte emnet for tekstane til ein viss grad vere tilpassa dei unge lesarane.



Som redaktør såg eg ikkje kvotefordelingsreglane som eit problem, men snarare som eit incitament til å finne fram til gode tekstar på både bokmål og nynorsk, særleg dersom det var snakk om å lage temaorienterte lesebøker. Nokre lesebøker vart ordna kronologisk frå eddadikt til notidslitteratur, og då kunne det vere vanskeleg å finne nok tekstar på nynorsk på 1800-talet. Til gjengjeld kunne ein finne mange gode nynorsktekstar frå 1900-talet å vege opp med. Arbeidet med å finne desse tekstane var særleg interessant fordi ein etter M87 skulle vere meir sjangerorientert enn før, både i lesing og skriving, og by på ei breiare vifte av sjangrar innan både skjønnlitteratur og sakprosa. Denne tenkinga vart ført vidare i *Læreplan 97*, der ein endå klarare fekk slått fast at det er ein samanheng mellom lesing og skriving: Skulle elevane bli gode til å skrive nynorsk, måtte dei lese det, og omvendt. Då galdt det å finne gode tekstar til lesebøkene, ikkje minst gode sakprosatekstar, sidan eksamenen på sidemålet like gjerne kunne gå ut på å skrive ein sakprosa tekst som ein skjønnlitterær tekst. Dette er ei tenking om språk og språklæring som er gyldig også i dag, etter at vi har fått ny læreplan: *Kunnskapsløftet 2006* legg større vekt på lesing og skriving på begge målformer og større vekt på sakprosa enn det som har vore tilfellet i tidlegare læreplanar. Kunnskapsløftet tilrår også å lese tekstar komparativt, ut frå tema. Dermed blir det mogleg å «blande» eldre tekstar med nyare, og samanlikne korleis eit emne blir framstilt i ulike periodar i historia. Med ei slik tilnærming kan ein gjerne leggje hovudvekta på nyare tekstar, samtidig som ein lærer litteraturhistorie. Som vi skal sjå, er det fleire lesebøker som har valt denne tilnærminga.

Den nye læreplanen (LK06) gjev ingen råd om fordeling mellom hovudmål og sidemål, slik det har vore vanleg i tidlegare læreplanar, truleg fordi godkjeningsordninga for lærebøker vart oppheva i 2000. Då vart også kvotefordelingsreglane borte<sup>3</sup>. Utdanningsdepartementet ønskte ikkje nye fordelingsreglar, men det kom inn ei formulering i opplæringslova om at «Lesebøkene i norskfaget skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk».<sup>4</sup> Etter det har vi som nemnt fått ny læreplan og nye lesebøker. Forlaga har sjølve fått avgjere kva det vil seie å ha «nok tilfang på begge målformer», slik opplæringslova no uttrykkjer det.

Korleis har det så gått med fordelinga mellom tekstar på bokmål og nynorsk i dei nyaste lesebøkene i ungdomsskulen? Kor mykje nynorsk får bokmålelevane lese? Og korleis er det med fordelinga mellom bokmål og nynorsk i fellesutgåver?

---

3 Dessutan er det kompetansemåla som skal styre, og læraren (og lærebokforfattarane!) må sjølv finne ut kva som skal til for at elevane skal nå målet om å kunne skrive tekstar i ulike sjangrar, på bokmål og nynorsk. Men planen strekar under sambandet mellom lesing og skriving, noko som naturlegvis gjeld begge målformer.

4 Språkrådet hadde før dette (12.1.00) utarbeidd framlegg til nye fordelingsreglar, reglar som i hovudsak var som dei gamle, og sendt dette til departementet. Utdanningsdepartementet svarte (14.2.00) at viss godkjeningsordninga for lærebøker skulle falle bort, ville det ikkje bli aktuelt å gje reglar for fordelinga av bokmål og nynorsk i lesetekstar i norskfaget. Fordelinga ville i framtida vere regulert gjennom opplæringslova. (Kjelde: rådgjevar Eilov Runnestø, Språkrådet, 31.8.09)



Kva sjangrar er det som dominerer for nynorskens del? I kva grad kan lesebøkene vere til nytte i skriveopplæringa i nynorsk som sidemål? Det er desse spørsmåla som er emne for denne artikkelen. Eg skal begynne med å gjere greie for kva for lesebøker eg har undersøkt og korleis.

## Lesebøker etter Kunnskapsløftet

Etter 2006 har det kome fem nye læreverk i norsk for ungdomsskulen. Dei fleste læreverka har fleire komponentar, som til dømes lærebok (også kalla grunnbok, norskbok, basisbok eller studiebok), lesebok (også kalla tekstsamling), lærarrettleiing (også kalla ressursbok) og ikkje minst nettsider med lenkjer ut i verda. Slik sett er læreverka svært omfattande som bøker, og med nettsider er dei så å seie grenselause. I denne undersøkinga har eg konsentrert meg om å kartlegge nynorsktekstar i *lesebøkene* eller *tekstsamlingane* i bokmålsutgåvene til kvart verk. I tillegg har eg teke for meg ei fellesutgåve, det vil seie eit leseverk som er tenkt brukt av alle elevane anten dei har bokmål eller nynorsk som hovudmål. Det dreier seg om desse lesebøkene:

- Asdahl, Fred Arthur og Hilde Justdal: *NB! Tekstsamling* 8, 9 og 10. Oslo: Cappelen Damm
- Aske, Jorunn, Øystein Jetne, Siw Larsen, Marit Løkke, Kjersti Rosslund og Arnhild Stenberg<sup>5</sup>: *Neon* 8, 9 og 10. Tekstsamling. Oslo: Det Norske Samlaget
- Blichfeldt, Kathinka, Tor Gunnar Heggem og Ellen Larsen: *Kontekst. Tekster* 1 og 2. Oslo: Gyldendal
- Rolland, Jon, Ingrid Slettevoll og Helene Uri: *Les* 1, 2 og 3. Oslo: Cappelen (fellesutgåve for bokmål og nynorsk)
- Lien, Per og Marit Jensen: *Fra saga til CD* 8 B, 9 B og 10 B. Oslo: Fag og Kultur

Aschehoug forlag hadde også eit norskverk for 8. klasse på marknaden i 2006, men dette verket vart ikkje fullført, og er derfor ikkje med i utvalet.

Det er fleire grunnar til at eg har valt å konsentrere meg om lesebøker, og ikkje grunnbøker eller andre bøker i dei aktuelle læreverka. For det første veit vi at læreøkene styrer undervisninga, at leseboka og andre læreøk framleis står sterkt i klasserommet, og at elevar bruker mykje tid på å svare individuelt på spørsmål i bøkene (Skjelbred et al 2005, Klette 2004, Skjelbred & Maagerø 2008). For det andre er leseboka det mediet som er lettast tilgjengeleg for elevar og lærarar når det er snakk om å lese felles tekstar, og truleg også for å lage pensumlister til eksamen. Men det skal her leggjast til at nettstadene til lære- og leseøkene er under utvikling, og at ei seinare undersøking om nynorsktekstar også bør omfatte desse. Vidare bør ein naturlegvis undersøkje korleis nettstadene blir brukte.

---

5 I dette forfattarteamet har det vore utskifting undervegs, og alle forfattarane som er nemnde her, har ikkje vore med på alle bøkene.

Dei lesebøkene eg har undersøkt, er altså for det meste lesebøker for elevar med nynorsk som sidemål, med unntak av bøkene *Les 1, 2 og 3*, som er fellesutgåver. Dei andre læreverka har dermed parallellutgåver på bokmål og nynorsk. Det vil vere eit forskingsprosjekt for seg å samanlikne bokmåls- og nynorskutgåvene av ei og same lesebok. Det har det ikkje vore plass til innanfor ramma av denne artikkelen, men det er absolutt eit arbeid som bør gjerast.

Men kva med sjølve læreboka eller grunnboka? Er ikkje desse interessante å undersøkje med omsyn til nynorsktekstar, om dei er brukte som døme på sjangrar eller anna, i ei tid då norskfaget er svært tekstorientert? Svaret mitt er ja. Læreboka eller grunnboka er absolutt interessant å undersøkje som ei sak for seg, og i mi undersøking har ei av lesebøkene, *Fra saga til CD*, mykje felles med ei grunnbok ved at boka er ei litteraturhistorie med eksempeltekstar frå dei ulike epokane, samtidig som det er ei lesebok.

Ved den førre reforma, L97, undersøkte Bente Kolberg Jansson (2004) målform i slike eksempeltekstar og fann at nynorsktekstane var så å seie fråverande, med unntak av kapittel om nynorsk, men desse hadde som regel få tekstar. Mitt foreløpige inntrykk er at dei fleste grunnbøkene eller lærebøkene framleis har eigne kapittel om nynorsk, gjerne med vekt på grammatikk. Nokre verk har nynorskkapitlet med i leseboka, der det gjerne er lagt på både tekstlesing og grammatikk. Tekstane i desse kapitla er naturlegvis med i undersøkinga.

## Framgangsmåte og resultat

Eg tok for meg lesebøkene og talde kor mange sider nynorsktekstar det var jamført med tekstar på bokmål, svensk og dansk. Svensk og dansk kunne sjølv-sagt også ha vore registrerte for seg, men eit foreløpig inntrykk så langt er at dei bøkene som har relativt høg prosentdel med nynorsktekstar, også har med ein god del tekstar på svensk og dansk<sup>6</sup>. Lærebokforfattaren sin tekst er ikkje rekna med. Det er altså berre sakprosa- og dei skjønnlitterære tekstane skrivne av andre som er talde opp. I dei tilfella der det er eigne nynorskkapittel i leseboka, er tekstane der rekna med i det utvalet eg har undersøkt.

Korleis gjekk eg så fram når eg talde sider? Tittelblad, kolofonside, tittelside, innhaldsliste og register er ikkje rekna med. Alle tekstsider elles er rekna med, også om det er illustrasjonar på sida. Oppgåver til nynorsktekstar er rekna med, men berre dersom dei er formulerte på nynorsk. Berre ei av lesebøkene, *Les 1, 2 og 3*, praktiserer dette konsekvent, og det er naturleg i og med at bøkene er fellesutgåver for bokmål og nynorsk<sup>7</sup>.

Bøker har ulik layout, og ei side i ei bok kan ikkje samanliknast med ei side i ei anna bok. For å få til dette, måtte eg ha hatt tilgang til digitale versjonar av bøkene og slik kunne ha samanlikna talet på teikn eller ord i kvar bok. Dette ville

<sup>6</sup> Lesebøkene *Les* er eit godt døme på dette.

<sup>7</sup> Bente Kolberg Jansson (2004) har undersøkt korleis læreverkene i norsk etter L97 praktiserer sidemålsopplæring når nynorsk er sidemål. Ho undersøkte mellom anna kva målform som var brukt i oppgåveformuleringar og fann at oppgåver til nynorsktekstar for det meste var formulerte på bokmål. Slik er det også i den nye generasjonen læreverkene etter LK06.

nok ha gitt eit meir nøyaktig resultat med omsyn til tekstmengd, men for mitt formål er det illustrerende nok å bruke prosentdel, også fordi tekstar i moderne lesebøker er samansette slik at grafisk design og illustrasjonar er ein del av teksten.

Tabellen nedanfor viser dermed ikkje mengda med nynorsktekstar, men prosentdelen nynorsk innanfor kvar lesebok. Prosentdelen er runda av til nærmaste halve tal.

Lesebok	Prosentdel tekstar på nynorsk
NB 8	12 %
NB 9	11 %
NB 10	10,5 %
Neon 8	22,5 %
Neon 9	15 %
Neon 10	24 %
Kontekst Tekster 1	9,5 %
Kontekst Tekster 2	18,5 %
Les 1 (fellesutgåve)	30,5 %
Les 2 (fellesutgåve)	33 %
Les 3 (fellesutgåve)	25,5 %

Her ser vi at mengda av nynorsktekstar varierer frå 9,5 % i *Kontekst. Tekster 1* til 33 % i *Les 2*. Dei to verka som har lågast prosentdel med nynorsktekstar er *NB* og *Kontekst*. Det sistnemnde verket er bestseljaren blant norskverka. Det vil seie at dei elevane som bruker dette leseverket, får om lag ein *trede*l av det Kyrkje- og undervisningsdepartementet tidlegare meinte var tilstrekkeleg til å lære å lese på nynorsk, slik det var vurdert i kvotefordelingsreglane frå 1978.

Både *Neon* og *Les* har nærmare dobbelt så høg prosent med tekstar på nynorsk som det verket som har minst. I tillegg har *Neon* såkalla Språkdykk i oppgåvene til tekstane. Her kan t.d. oppgåvene vere å skrive om bokmålsord frå teksten til nynorsk eller finne bøyingsformer i bokmål og nynorsk som er like eller ulike. All nynorskunnskapen blir altså ikkje formidla i eigne kapittel om nynorsk, men gjennom at elevane arbeider med nynorskoppgåver heile vegen, også i møte med bokmålstekstar.

Boka med flest sider tekstar på nynorsk er *Les 2*, som har nærmare tre gonger så mange nynorsktekstar som *NB 9*. *Les*-bøkene er som nemnt fellesutgåver for bokmål og nynorsk, og bøkene er dermed lesebøker også for elevar med nynorsk som hovudmål. Sett i lys av dette må ein seie at prosentdelen nynorsktekstar faktisk er svært låg. Språkrådet hadde i tida før godkjenningsordninga vart oppheva, ofte sett seg nøydd til å godta ei 60/40-fordeling i fellesutgåver, og alltid i favør av

bokmål. No, ni år etter at godkjenningsordninga fall bort, varierer nynorskdelen i fellesutgåvene frå 25,5 % til 33 % og nærmar seg det ein tidlegare meinte var høveleg nynorskdel om nynorsk var sidemål! Her er nynorsk verkeleg blitt eit sidemål også for elevar med nynorsk som hovudmål.

Men kva er grunnen til at lesebøkene i *Les-serien* har fleire tekstar på nynorsk enn dei andre? Ein viktig grunn er naturleg nok at bøkene er fellesutgåver for bokmål og nynorsk. Ein annan grunn kan vere at lesebøkene er ordna tematisk og utan kronologisk tvang, då litteratur- og språkhistorie har fått plass i eigne bøker utanom leseboka. Dette gjer det mogleg å samanlikne eldre og nyare tekstar og leggje vekt på dei nyare. Det karakteristiske for desse lesebøkene er stor vekt på sjangervariasjon og på sakprosa. Det skal eg kome tilbake til om litt nedanfor. Men først om det siste leseverket, *Fra Saga til CD*, som var bestseljar etter L97 og som no er revidert etter LK06.

Lesebøkene til *Fra saga til CD* er kombinerte litteraturhistorier og lesebøker, med ein god del brøttekst skriven av lærebokforfattarane. I staden for å rekne ut prosentdel nynorsktekstar av det totale sidetalet, har eg her talt opp kor mange sider nynorsktekstar det er i forhold til bokmålstekstar og tekstar på andre nordiske språk. På den måten får eg fram eit bilete av korleis forfattarane har valt eksempletekstar til litteraturhistoria:

Bok	Tekstar på nynorsk	Tekstar på bokmål o.a.
Fra saga til CD 8 B	34 sider	49,5 sider
Fra saga til CD 9 B	43 sider	39 sider
Fra saga til CD 10 B	21,5 sider	40,5 sider

Her ser vi at boka for niande klasse, *Fra saga til CD 9 B*, har fleire sider med nynorsktekstar enn bokmålstekstar, og at dei tilsvarande bøkene for åttande og tiande klasse også har etter måten mange tekstar på nynorsk, når ein samanliknar med kva som har vore vanleg i tidlegare lærebøker<sup>8</sup>. Dette er bøker som legg vekt på kronologisk litteraturhistorie, og av den grunn kunne ein vente seg svært få nynorsktekstar, særleg i framstillinga av litteratur på 1800-talet. Grunnen til at vi likevel får mange tekstar på nynorsk, er at forfattarane har valt å følgje det læreplanen tilrår, nemleg å lese tekstar tematisk og komparativt og samanlikne eldre og nyare tekstar. På den måten får omtale av Amalie Skram følgje av eit dikt av Marie Takvam: «Ei mor er ferdig med si gjerning.»

Den same framgangsmåten er nytta i alle dei leseverka som har høgast prosentdel nynorsk, mens den som har lågast prosent, bestseljaren *Kontekst, Tekster*

8 Den nemnde undersøkinga av Kolberg Jansson frå 2004 viste at den tidlegare utgåva av dette verket hadde svært få tekstar på nynorsk. At talet på nynorsktekstar er så høgt i utgåva etter LK06 kan tyde på at det nyttar å drive lærebokforskning på dette området. Jansson sende nemleg rapporten sin rundt til alle forlaga og redaktørane for dei norskverka ho hadde undersøkt (Kjelde: Benthe Kolberg Jansson).

1, framstiller litteraturhistoria reint kronologisk fram til 1980, og får der berre plass til 9,5 % nynorsktekstar. *Tekster 2* er sjangerorientert og tek for seg tekstar etter 1980. Her er prosentdelen noko høgare, 18,5 %. Men prosenten er låg i leseverket som heilskap, og den ligg langt under det som før var tilrådd i kvotefordelingsreglane (som var 1/3 sidemål og 2/3 hovudmål).

## Sjangervariasjon og forfattarar

Sjangervariasjon er viktig i lesebøker, der det å lese ulike sjangrar er ein del av den andre leseopplæringa (Mortensen-Buan 2006, Roe 2008). Dessutan er det ein viss sjangervariasjon innanfor skjønnlitteratur og sakprosa ved eksamen i norsk i både sidemål og hovudmål, både med omsyn til kva tekstar elevane får lese i det tekstheftet dei får utdelt på førehand, og med omsyn til kva tekstar dei skal skrive på sjølve eksamenen.

No er det ikkje alltid lett å plassere tekstar i sjangrar. Ein forfattar som til dømes Einar Økland skriv noveller og dikt som liknar på essay, og kan derfor like gjerne plasserast innanfor sakprosakategorien. Det same kan ein seie om fleire av Erna Osland sine tekstar. I lesebøkene er desse tekstane likevel plasserte som skjønnlitteratur. Teksten «Liket» av Tor Jonsson var opphavleg publisert i 1950 i *Nesler* med undertittelen *Artiklar*, men blir i ei av lesebøkene omtalt som novelle. For å ikkje hamne i ei defineringsgrøft har eg derfor valt å bruke dei kategoriane som er brukte i lesebøkene i omtalen av tekstane. Eddadikting, islendingesoger, folkedikting og songtekstar er også rekna som skjønnlitteratur.

I tabellen nedanfor ser vi sjangervariasjonen i dei ulike lesebøkene fordelt på talet på tekstar innanfor dei store kategoriane skjønnlitteratur og sakprosa:

Lesebok	Skjønnlitteratur på nynorsk	Sakprosa på nynorsk
NB 8	13	0
NB 9	11	0
NB 10	5	1
Neon 8	27	1
Neon 9	16	3
Neon 10	13	11
Kontekst Tekster 1	13	3
Kontekst Tekster 2	20	6
Les 1 (fellesutgåve)	22	11
Les 2 (fellesutgåve)	23	10
Les 3 (fellesutgåve)	12	15
Fstcd 8 B	15	9
Fstcd 9 B	13	9
Fstcd 10 B	10	2

Her er det eit leseverk som skil seg ut med så å seie ingen sakprosa-tekstar, nemleg NB. Tre leseverk har høg del sakprosa-tekstar: *Neon* (10), *Les* og *Fra saga til CD* 8 og 9. Verket *Les* er toppskårar med lesebøker for 10. klasse der det er fleire sakprosa-tekstar enn skjønnlitterære tekstar. Sakprosa-tekstane i *Les*-bøkene fordeler seg på ei brei sjangervifte. Det dreier seg om reportasje, notis, intervju (med fagfolk om språk), portrett, biografi, bokomtale, filmomtale, fagartikkel (om blant anna skrivning), debattinnlegg, petitartikkel, kåseri, essay og fagbokutdrag. Mange av tekstane er frå etter år 2000 og er henta frå nynorskaviser og frå aviser der journalistane skriv både bokmål og nynorsk (som t.d. Vårt Land), frå Nynorsk pressekontor og nynorske nettstader. På dette feltet kan ein seie at *Les*-bøkene står for ei fornying av leseboka i retning av meir sakprosa og nyare tekstar, skrivne av profesjonelle skribentar og journalistar. Den same tendensen, om enn i mindre grad, er å finne i *Neon 10* og i dei to første lesebøkene i serien *Fra saga til CD*. Hyppig representerte sakprosaskribentar i fleire bøker er Erna Osland, Marit Eikemo, Hilde Sandvik, Are Kalvø, saman med den kjende skribenten Wikipedia.no.

Også på den skjønnlitterære sida ser vi ei fornying i retning av meir ungdomslitteratur, nyare litteratur og sjangerekspérimentering. Forfattarar som Rune Belsvik, Erna Osland, Jon Fosse, Frode Grytten, Ragnar Hovland, Einar Økland, Edvard Hoem og Olav H. Hauge er nærmast kanoniserte på linje med Ivar Aasen, Aasmund Olavsson Vinje, Arne Garborg, Jakob Sande, Tor Jonsson og Marie Takvam, mens Olav Duun, Kristoffer Uppdal og Olav Nygard ser ut til å vere ute av dansen. Halldis Moren Vesaas og Tarjei Vesaas er framleis med i dei fleste bøkene, og Olaug Nilssen, Arne Ruset, Helga Eriksen, Magnhild Bruheim, Bjørn Eidsvåg og Odd Nordstoga er på veg inn. Her må det nærmare studiar til for å finne ut kva forfattarar som er hyppigast representerte og med kva for tekstar, men eit førebels inntrykk er at mange forfattarar som skriv nynorsk, ser ut til å ha overlevd år 2000 og at dei har etablert seg på nytt i lesebøkene. Eit førebels inntrykk er også at nye sakprosaskribentar er på veg inn, saman med tekstar frå aviser og frå Internett, om enn i ulik grad i dei ulike leseverka.

### Til nytte i skriveopplæringa?

Eit interessant funn er at resultatane frå enkelte verk viser at det ikkje er vanskeleg å finne eit variert utval av tekstar på nynorsk. Men kvifor er det så stor variasjon i mengda av nynorsktekstar i lesebøkene? Svaret på dette kan ein truleg finne i korleis forlagsredaktørar og lærebokforfattarar har tenkt om nynorske tekstar som del av norsk kultur og lese- og skriveopplæring i norsk skule.

Vi ser at opplæringslova § 9-4 tredje leddet, som ifølgje departementet skulle regulere fordelinga av bokmål og nynorsk i lesetekstar i norskfaget, er blitt tolka svært ulikt av både forlag, redaktørar og forfattarar. Når *Kontekst* er bestseljar på marknaden, fortel det oss korleis lærarane, som står for innkjøp av bøker, tolkar opplæringslova. Dei meiner tydelegvis at 9,5 % (*Kontekst*, *Tekster 1*) og 18,5 % (*Kontekst*, *Tekster 2*) nynorsk er tilstrekkeleg i lesebøkene. Som norsklærar og skrivelærar vil eg nok seie at det slett ikkje er tilstrekkeleg, og ville nok ha måtta supplert med fleire nynorsktekstar i undervisninga. Det kan godt hende at læra-

rane gjer det, og at dei saman med elevane bruker Internett og andre ressursar i arbeidet med nynorsk som sidemål. Vi får i alle fall håpe at dei gjer det, for elevane si skuld, om eitt av måla for undervisninga er at bokmålselevar skal kunne skrive nynorsk til eksamenen. Men målforma i lesebøkene for bokmålselevar er likevel ein slags temperaturmålar på korleis ein ser på at det her i landet er to jamstilte skriftspråk. Det same kan ein seie om fordelinga av målform i lesebøker som skal vere felles for bokmålselevar og nynorskelevar, når bokmålselevar får meir enn 2/3 og nynorskelevar mindre enn 1/3 av tekstar på hovudmålet sitt. Bokmålselevar får ikkje nok tekstar på nynorsk som sidemål, og nynorskelevar får heller ikkje nok tekstar på sitt eige hovudmål. Og ingen av dei får nok tekstar som modell for eiga skrivning.

Kva må til for at elevar skal bli gode til å skrive? På dette spørsmålet finst det ulike svar. Den amerikanske leseforskararen Stephen Krashen (2004) oppsummerer si eiga og andre si leseforskning frå 70-talet og framover og konkluderer med at vi lærer å skrive ved å lese. Med bakgrunn i denne forskinga hevdar han at formelt skriftspråk avvik frå uformelt daglegspråk på så mange og komplekse måtar at det er umogleg å tenkje seg at vi lærer ein regel om gongen. Det er derfor sannsynleg at skrivning er noko vi lærer ubevisst gjennom lesing. Vi møter meir språk i det vi les enn i det vi sjølve skriv, og den skrivestilen vi etter kvart tileignar oss, kjem meir frå lesing enn frå eiga skrivning, sjølv om skriveerfaring er nødvendig for å kunne tileigne seg ein skrivestil og ei stemme. No skal det seiast at Krashen primært arbeider med andrespråklæring, men i arbeidet med nynorsk som sidemål er det kan hende ei relevant tilnærming for nokre elevar, om enn ikkje for alle.

Eit anna syn på saka finn vi i det ein gjerne kallar Australia-skolen, hos forskarar som Michael Halliday, som har framheva at når elevar ikkje lukkast i skulen, er det fordi dei ikkje meistarar det språket krev av dei. «Educational failure is linguistic failure», har Halliday sagt i fleire samanhengar (Maagerø 2002). Om elevar skal lukkast i skulen, må sjantrar spele ei viktig rolle i skriveundervisninga, både på bokmål og nynorsk. Kanskje særleg på nynorsk, i og med at både eksperimentviljen og tradisjonsmedvitet er særleg sterkt i denne delen av skriftkulturen. Slik sett kan tekstar på nynorsk vere ein viktig ressurs i skriveopplæringa, i og med at mange tekstar på nynorsk ligg godt til rette for å drøfte sjangerspørsmål i klasserommet. Elevane må både lære om sjantrar og øve på sjantrar for å bli gode til å skrive. Ein må tenkje at dei tekstane elevane skal lese, må likne på dei tekstane dei skal skrive, blant anna til eksamenen. Det nyttar neppe å berre lese nynorske dikt og noveller med elevane dersom det er artiklar, intervju eller kåseri som skal skrivast til eksamenen.

Slik eg ser det, må også lesebokredaktørar og lesebokforfattarar ta inn over seg at dei er skrivelærarar for elevane når dei vel ut tekstar til lesebøker, både i nynorsk og bokmål. For ikkje lenge sidan, nærmare bestemt i perioden 2004–2007, var det eit forsøksprosjekt med valfritt sidemål i Oslo, evaluert i rapporten: «*Lese det, lære det, ja! Men å skrive det? Nei, det vil vi ikke*» (Vibe og Borgen 2007). Tanken bak prosjektet var at elevane skulle bruke meir tid på å lese og oppleve nynorsk i staden for å skrive det. Slike prosjekt kan nok ha sine gode sider, men det er ingen tvil om at dei svekkjer elevane si evne til å skrive nynorsk, i og med at dei ikkje får opplæring i det. Mi undersøking av lesebøker for elevar som har

nynorsk som sidemål, og av lesebøker som er fellesutgåver, har vist at nynorsken er på sterk retur etter at godkjenningsordninga vart teken bort. Det kan ikkje bety anna enn at mange elevar no får mindre høve til å lese nynorsk enn dei hadde før. Dei får også færre førebilete for å skrive nynorsk.

Uansett er det viktig å hugse på at elevar med bokmål som hovudmål ikkje berre skal lese tekstar på nynorsk fordi tekstane er ein del av sidemålsopplæringa. Alle elevar bør lese tekstar på nynorsk fordi dei er ein del av norsk skriftkultur, og ikkje minst fordi mange av dei er gode, velskrivne og interessante tekstar. Det same gjeld naturlegvis elevar som har nynorsk som hovudmål. Det kan sjå ut til at nokre av dei nye leseverka for ungdomsskulen prøver å teie nynorsken i hel, sjølv om det naturlegvis ikkje er mogleg å få til. Skulle det gå så gale at nynorsken blir usynleg i elevane sine lesebøker, får vi trøyste oss med eit klokt dikt av Einar Økland:

### Tenk

Tenk på alt du aldri ser –  
Treet veks.  
Og fisken flyttar.  
Frosken søv i søla  
under vinterfrosten.  
Ein liten prikk på himlen  
er ei ørn.  
Og mosen kryp under gjerdet.  
Ein stad  
sit ein mann med eit skrujern.

Tenk på alt du aldri ser –  
Det er der nok.  
Alt saman.

(Frå *Du er så rar*, 1973)

Men før det kjem så langt at nynorsken blir heilt borte frå lesebøkene i grunnskulen, kan vi plassere ansvaret for å ta vare på språkleg mangfald der det høyrer heime. Før var det Norsk språkråd som passa på at forlaga følgde reglane for fordeling av bokmål og nynorsk i lesebøker i norskfaget. Etter at godkjenningsordninga for lærebøker er oppheva, er det *ingen* som har teke det vidare ansvaret for dette. Departementet har fråskrive seg ansvaret ved å peike på at fordelinga skal vere regulert gjennom opplæringslova. Mi undersøking har vist at fleire forlag ikkje har teke tilstrekkeleg omsyn til opplæringslova i dette spørsmålet.

Kva var det som gjorde at eg fekk høve til å gjere denne undersøkinga? Høgskolen i Vestfold har dei siste åra prioritert strategiske midlar til tekst- og læremiddelforskning og har blant anna gjennom dette fått tildelt midlar frå Noregs forskingsråd. Denne artikkelen er finansiert av eit treårig forskingsprosjekt om norsk lærebokhistorie ved Høgskolen i Vestfold, initiert og leidd av professorane



Dagrun Skjelbred og Bente Aamotsbakken. Så lenge Høgskolen i Vestfold har forskningsmidlar på området, kan vi gjere undersøkingar knytte til språkleg og pedagogisk kvalitet i lærebøker. Vi kan peike på at fleire forlag og lærebokforfattarar ikkje respekterer opplæringslova i spørsmålet om fordeling av bokmål og nynorsk i lærebøker i norskfaget. Vi kan dessutan slå fast at det ikkje er noko kunnskapsløft for nynorsk i dei lesebøkene som er undersøkte her. Det er viktig at einkvan har ansvar for korleis det språklege mangfaldet blir forvalta i lesebøker i grunnskulen. Dette ansvaret må liggje i Kunnskapsdepartementet, men Høgskolen i Vestfold hjelper gjerne til om vi får høve til det.

## Norunn Askeland er førsteamanuensis i norsk ved Høgskolen i Vestfold.

### Litteratur

#### Lesebøker

Asdahl, Fred Arthur og Hilde Justdal: *NB! Tekstsamling* 8, 9 og 10. Oslo: Cappelen Damm

Aske, Jorunn, Øystein Jetne, Siw Larsen, Marit Løkke, Kjersti Rosland og Arnhild Stenberg: *Neon* 8, 9 og 10. Tekstsamling. Oslo: Det Norske Samlaget

Blichfeldt, Kathinka, Tor Gunnar Heggem og Ellen Larsen: *Kontekst. Tekster* 1 og 2. Oslo: Gyldendal

Rolland, Jon, Ingrid Slettevoll og Helene Uri: *Les* 1, 2 og 3. Oslo: Cappelen

Lien Per og Marit Jensen: *Fra saga til CD* 8 B, 9 B og 10 B. Oslo: Fag og Kultur

#### Læreplanar

Kyrkje- og undervisningsdepartementet (1974): Mønsterplan for grunnskolen

Kyrkje- og undervisningsdepartementet (1987): Mønsterplan for grunnskolen

Utdanningsdirektoratet (2006): Læreplanverket for Kunnskapsløftet

#### Annan litteratur

Jansson, Benthe Kolberg (2004): *Kva slags sidemålsopplæring legg lærebøkene opp til når nynorsk er sidemålet? Ein analyse av lærebøker i norsk for ungdomstrinnet etter Reform 97*. Arbeidsrapport, Høgskolen i Østfold

Klette, Kirsti (2004): Lærerstyrt kateterundervisning fremdeles dominerende? Aktivitets- og arbeidsformer i norske klasserom etter Reform 97. I K. Klette (red.): *Fag og arbeidsmåter i endring? Tidsbilder fra norsk grunnskole*. Oslo: Universitetsforlaget

Krashen, Steven D. (2004): *The Power of Reading. Insight from the Research*. Second Edition. Westport Connecticut: Libraries Unlimited

Roe, Astrid (2008): *Lesedidaktikk: etter den første leseopplæringen*. Oslo: Universitetsforlaget

Mortensen-Buan, Anne-Beathe (2006): *Lesestrategier og metoder. Arbeid med fagtekster i klasserommet*. I Maagerø, Eva og Elise Seip Tønnessen (red.): *Å lese i alle fag*. Oslo: Universitetsforlaget

Maagerø, Eva (2002): *Utvikling av sjangerkompetanse*. I Bjorvand, Agnes-Margrethe og Elise Seip Tønnessen (red.): *Den andre leseopplæringa. Utvikling av lesekompetanse hos barn og unge*. Oslo: Universitetsforlaget

Skjelbred, Dagrun, Trine Solstad og Bente Aamotsbakken (2005): *Kartlegging av læremidler og læremiddelpraksis*. Rapport 1/2005. Høgskolen i Vestfold: Skriftserien [http://www-bib.hive.no/tekster/hveskrift/rapport/2005-01/rapp1\\_2005.pdf](http://www-bib.hive.no/tekster/hveskrift/rapport/2005-01/rapp1_2005.pdf)

Skjelbred, Dagrun og Eva Maagerø (2008): «Les side 120 til 170 i læreboka og svar på spørsmålene.» *Utdanning* nr. 9, s. 54–57

Vibe, Nils og Jorunn Spord Borgen (2007): «Lese det, lære det, ja! Men å skrive det? Nei, det vil vi ikke». *Evaluering av forsøk med valgfritt skriftlig sidemål i Oslo*. Rapport 33. Oslo: NIFU STEP

Økland, Einar (1973): *Du er så rar*. Oslo: Det Norske Samlaget

# Valfridom i nynorsk – eit problem for eleven?

Av Anders Aanes

## Samandrag

Med den føreståande revisjonen av nynorsk ønskjer ein å få ei rettskriving som er «enkel», «tydeleg» og «stram», men som samtidig har «brei geografisk dekning». Ei undersøking blant 282 elevar i den vidaregåande skulen i Møre og Romsdal tek for seg den mykje problematiserte valfridomen ein har i dagens rettskriving. I tillegg til å ta for seg haldningsmålingar, ser denne undersøkinga òg på faktisk kunnskap om rettskrivinga hos elevane. Veit elevane verkeleg at formene *mye* og *høre* til dømes er fullt ut tillatne å skrive? Og kva former brukar dei sjølv? Undersøkinga viser eit tekstkorpus på 18 ord som elevane sjølv har skrive inn. Funn i granskinga tyder på at mange elevar er usikre når dei får spørsmål om valfridom i rettskrivinga. Det er dessutan sprikjande samsvar mellom informantane som seier at valfridom er viktig for dei, og kva kunnskap desse elevane faktisk har. Sjølv om biletet er lite einsarta, kan dette vere tendensar som peikar mot ei skriftnorm som ikkje er reelt internalisert.

## Innleiing

Rettskrivinga i nynorsk blei sett på dagsordenen att då styret i Språkrådet (sju medlemmer, fire nynorskrepresentantar) hausten 2007 gjorde vedtak om at ein igjen skal gjere eit forsøk på å revidere ho.<sup>1</sup> Reaksjonane lét ikkje vente på seg, og særskilt må ein vel seie at det var profesjonelle språkbrukarar som journalist Linda Eide,<sup>2</sup> forfattar Frode Grytten og fleire andre nynorskforfattarar,<sup>3</sup> som gjekk i bresjen for å forsvare det noverande rettskrivingssystemet. Denne rettskrivinga er som kjent hierarkisk oppbygd med to nivå; læreboknormalen, som er ein trong skriftnormal statsorgan og lærebokforfattarar er pålagde å bruke, og ein vid normal med valfrie former som er tillatne å bruke overalt elles i samfunnet, og då også for elevar i skulen sjølv sagt. Desse valfrie sideformene er gitt i klammer, difor nemninga *klammeformer*. Men eit ord kan også ha to sidestilte *hovudformer*, som t.d. *skule* og *skole*. Med denne rettskrivinga er det altså mogleg å tilmåte skriftbiletet til talemålet i nokon grad. I kor stor grad ein kan tilmåte tale-skriftkorrespondansen, vil sjølv sagt vere avhengig av kva for dialekt ein har, og kor godt ein kjenner til dei mange sideformene i nynorsk.

Siktemålet til styret i Språkrådet er å fjerne dette tonivåsystemet, slik det blei gjort i bokmål i 2005. Grunnen til dei sterke reaksjonane må vel vere at det i vedtaket frå styret denne gongen ligg ei føring i ordlyden som peikar mot ein

1 Det blei som kjent gjort ei utgreiing i 2002, *Utgreiing om rettskrivinga i nynorsk*, men denne blei ikkje vedteken på grunn av dei mange reaksjonane under høyringa.

2 Bergens Tidende 5.10.2007.

3 Bergens Tidende 13.10.2007 s. 12 og s. 58.

monaleg kraftig slankekur i talet på slike sideformer. Ikkje berre skal rettskrivinga vere «tydeleg» og «enkel», men også «stram». Kva som ligg i dette av konkret gjennomført språknormering, er det ingen som i skrivande stund veit. Dette vil til dels vere avhengig av kven som kjem til å sitje i arbeidsgruppa som skal levere forslaget til ny rettskriving til Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD).<sup>4</sup> Mandatet synest likevel å vere greitt nok: Ein stram, tydeleg og enkel skriftnormal som har brei geografisk dekning i Noreg.

I parentes bør det også nemnast at spørsmåla kring rettskrivinga i dei to norske målformene sjølvsagt er knytte til det KKD og Stortinget meiner og har vedteke. To viktige hendingar dei siste åra skil seg såleis ut: Fjerninga av tilnæringsparagrafen i lov om Norsk språkråd i 2002 og stortingsmeldinga *Mål og mening – ein heilskapleg norsk språkpolitikk* (2007–2008). Bortfallet av tilnæringsparagrafen var kanskje meir ein formalitet, medan *Mål og mening* i større grad slår fast og greier ut. Når det gjeld normspørsmålet, er den korte versjonen at KKD stiller seg bak vedtaket til styret i Språkrådet. Dette kjem tydeleg fram i språkmeldinga.

Då underskrivne sette i gang ein idédugnad kring dette temaet med det siktemålet å skrive ei masteroppgåve om normproblematikken i nynorsk, var det ikkje på bakgrunn av vedtaket i Språkrådet. Bakgrunnen var rett og slett interesse for temaet. Når eg ein gong valde ei såpass teknokratisk problemformulering som stilte spørsmålet «Er valfridomen i nynorsk eit gode eller eit vonde for elevlar i den vidaregåande skulen i Møre og Romsdal?», var det heller ikkje fordi eg ville ha ein endeleg konklusjon på problematikken. Det er det knapt mogleg å få. Når ein sender ut eit elektronisk spørjeskjema til nesten 600 elevlar som snart er ferdige med den vidaregåande skulen, ventar ein heller ikkje å få hundre prosent pålitelege svar. Det er heller realistisk å tenkje seg at ein vil sjå tendensar og kanskje nokre tankar elevane gjer seg gjennom opne svar i spørjeskjemaet. Dette kan seie oss *litt* meir om kva oppfatning elevane sjølve har om ei vid rettskriving i nynorsk.

I den følgjande framstillinga skal eg presentere data frå ei undersøking eg gjennomførte ved fire vidaregåande skular i Møre og Romsdal frå medio april til medio juni 2008. Desse skulane er Volda, Stranda, Spjelkavik og Molde, altså to bygdeskular og to byskular. Det spesielle med denne undersøkinga er at ho ikkje berre tek for seg haldningar, men òg kunnskap om nynorsk rettskriving. I tillegg har eg prøvt å kartlegge sosiokulturelle bakgrunnsvariablar som utdanningsnivåa til foreldre, politiske sympatiar osb.

Nokre av dei sekundære spørsmåla eg stiller, er formulerte som hypotesar:

1) Elevlar med nynorsk som sidemål har som regel dårlegare oversikt over valfridomen enn elevlar som har nynorsk som hovudmål. 2) Elevlar med nynorsk som sidemål meiner som oftest at det hadde vore betre å ha ei trongare norm. 3) Elevlar med nynorsk som hovudmål meiner stort sett at valfridomen er eit gode for dei. 4) Det er ein samheng mellom ei positiv, nøytral eller negativ haldning til nynorsk, og kor godt oversyn eleven har over valfridomen i nynorsk.

---

4 Det er likevel mykje som kan tyde på at dei normeringskreftene som er sette i sving no, peikar mot ein midtlinjenormal av den typen ein ser brukt i til dømes Det Norske Samlaget.

5) Det er ein samanheng mellom kor ofte eleven bruker ordlista og kor godt oversyn eleven har over dei tilgjengelege og rette formene.

Dette er berre eit utval av det eg meiner er dei viktigaste hypotesane eg brukte til å utarbeide spørjeskjemaet etter.

Før eg går vidare inn på data frå undersøkinga, er det naudsynt med eit lite språkhistorisk riss av den norske skriftspråksituasjonen.

## Språkhistorie og grupperingar

Det er vel ingen tvil om at rettskrivingsfeidar er ein stor del av norsk språkhistorie. Systemet med valfridom, som hadde det opphavlege siktemålet å smelte saman dei to skriftspråka våre til eitt, kan gjerne sjåast på som ei arbeidsulykke i den forstand at samnorskpolitikken ikkje har lykkast.<sup>5</sup> Det interessante i vår samanheng er likevel at systemet med valfridom fekk ulike praktiske konsekvensar for dei to målformene. Medan tilnæringsformene i bokmål/riksmål blei stempla som vulgære og bondske, fekk dei ein annan verknad i nynorsk. Etter 1917-reforma blei a-formene (til dømes *sola* og *husa*) tekne i bruk i ulike delar av landet, helst Trøndelag, Austlandet og Sunnmøre.<sup>6</sup> Nynorskleiren delte seg såleis i to, mellom i-mål og a-mål. Attåt dette fekk ein også fleire andre lokale variasjonar av nynorsk. Men det var på 1970-talet med dialektørsla og ein generasjon av politisk motivert ungdom og etter to nye reformer i 1938 og 1959 (læreboknormalen) som stort sett har auka talet på valfrie former, at ein byrja å sjå på valfridomen i nynorsk som eit gode i seg sjølv, innanfor skriftnormalen åleine. Tilnæringsformer var ikkje lenger bokmålsformer, men *talemålsformer*. Pedagogisk litteratur som tok mål av seg å sikre ein god tale-skrift-korrespondanse for elevar i dei respektive delane av landet, gjorde seg gjeldande. Og slagordet «Tal dialekt, skriv nynorsk!» er vel framleis sterkt framme i medvitte til mange nynorskingar.<sup>7</sup> Denne delen av nynorskørsla går under merkelappen *folkemålslinja*, og grupperinga har mange sterke representantar. Til dømes kan vi lese i Dag og Tid i november 2008 at Bjørn Kvalsvik Nicolaysen, professor i lesevitenskap ved Universitetet i Stavanger og medlem i Nynorsklaget, meiner det blir heilt feil å konkludere med at nynorsken er i ei slags indre krise, noko han meiner er det ein kan lese ut mellom linjene i språkmeldinga *Mål og mening*. Det å kunne ta i bruk *hjardeformene* sine er framleis viktig for dei aller fleste nynorskbrukarar, blir det hevda.

På hi sida har vi representantane for det som kan kallast for *einskapslinja*. Mellom desse kan vi rekne både tradisjonalar i linja frå Aasen, men òg forkjemparar for ein *midtlinjenynorsk*.<sup>8</sup> Denne midtlinjenormalen meiner ein både bevarer eigenarten til nynorsk, samtidig som ein legg opp til at folk flest i Noreg skal kunne finne eigarskap til han. Forfattaren Edvard Hoem er ein tydeleg representant for ei nynorsknorm som er stram i formverket, men som samtidig

5 Lars S. Vikør: *Språkplanlegging – prinsipp og praksis* 2007

6 Torp og Vikør: *Hovuddrag i norsk språkhistorie* 1996

7 Vedteke som slagord av Noregs Mållag på landsmøtet i Rauland 7.8.1976.

Henta frå <<http://www.allkunne.no/default.aspx?menu=22&id=561>>. Lesedato 16.10.2009.

8 Aasen sjølv var svært tydeleg på at «Formen bør være Een».

ønskjer å vere «allnorsk».<sup>9</sup> Ein del av argumentasjonen til einskapslinja er at skriftspråket alltid vil skilje seg frå talemålet, og ein meiner difor det er urealistisk å tenkje seg at skriftspråket kan femne alle dei ulike variantane av former som finst i talemålet. Med dette meiner ein ikkje at det er ei ulempe at skriftspråket er talemålsnært, for det er det uansett i norsk, vil ein hevde.<sup>10</sup> Indre systematikk og eintydigheit i formverket er sterke normeringsprinsipp for dei som stiller seg bak einskapslinja.<sup>11</sup> Dersom ein skal kunne lære å skrive nynorsk rett, er det dessutan ein fordel å ikkje møte mange ulike former i dei nynorsktekstane ein les, blir det sagt. Eit særtrekk ved dei som stør einskapslinja, er paradoksalt nok at det finst fleire grupperingar. Nokre ønskjer ein tradisjonell, og i enkelte sine auge, gammalmodig nynorsk, medan andre vil ha ein moderne variant med j-lause former og eit ope ordtilfang. Atter andre ønskjer ein nynorsk som liknar mykje på det som er læreboknormalen i dag.

## Om respondentane

Respondentane i denne undersøkinga var alle tredjeklassingar i den vidaregåande skulen då dei svara på spørjeskjemaet mitt. Grunnen til at eg valde nett denne aldersgruppa, var dels praktisk, dels fagleg. Sidan alle tredjeklassingar er over 18, var det ikkje naudsynt for meg å få samtykke frå foreldre eller verje for at elevane skulle svare på skjemaet, og dette var naturleg nok ei forenklande side for å kunne gjennomføre prosjektet.

Elles syntest eg dette var ei interessant gruppe på fleire måtar: Kva for kunnskap om norsk rettskriving sit ein avgangselev igjen med etter tre års vidaregåande opplæring og det som for nokre kanskje blir endestasjonen i norskfaget? Det norske språket er inne i ei sterk bølge av talemålsnær skriving gjennom sms- og chatte-språket. Tek desse elevane, som meir enn kanskje nokon er representantar for denne bølga, med seg dette inn i nynorsken? Og i så fall, bør det få konsekvensar for rettskrivinga i nynorsk? Sidan det trass alt er desse ungdomane som skal ta over landet, og som difor også skal forvalte språket, synest det også logisk at det er denne aldersgruppa ein undersøker.

## Nokre enkle bakgrunnsdata

Det kom inn 282 svar på spørjeskjemaet. Svarprosenten var på 41 prosent, som er akseptabelt. Det var 47 % av respondentane som hadde bokmål som hovudmål, medan 53 % hadde nynorsk som si målform. Det var 62 % jenter som svara på spørjeskjemaet, og 38 % gutar. Av dei som gav opp kva skule dei gjekk på, var det

9 *Mitt tapre språk* 1996.

10 Vikør i Omdal. 1999. *Språkbrukeren – fri til å velge?* Høgskolen i Agder. Kristiansand.

11 Prinsippet om indre systematikk er rett nok eit omstridd omgrep, og i boka *Språkplanlegging – prinsipp og praksis* (2007) tek Vikør omgrepet berre med under «to «manglande» prinsipp». Grunnen er at ein med indre systematikk ofte eigentleg siktar til morfologisk eintydigheit, og at å argumentere for indre systematikk på eit generelt grunnlag då kan slå beina under det fonotaktiske systemet i norsk.

28 % som gjekk ved Volda vidaregåande skule, 18 % ved Stranda vidaregåande, 31 % ved Spjelkavik og 21 % ved Molde vidaregåande skole. Om ein reknar på det, fordeler bygd og by seg dermed om lag femti-femti.

Spørjeskjemaet starta med tre kunnskapstestar, og desse vil eg kome attende til seinare. Eg vil først ta fatt med å sjå på kva haldningar som finst til nynorsk i elevmassen, haldningar til ulike skriftnormalar, om elevane meiner valfridomen er ein viktig grunn til at dei skriv nynorsk, og ikkje minst læraren si rolle oppi det heile.

Eg synest det er viktig å gi eit generelt inntrykk av elevmassen på to punkt før eg går vidare. Eg siktar då til haldning til nynorsk og målbyte. På spørsmålet «Kva haldning har du til nynorsk?», svara 50 % at nynorsk er viktig og positivt, medan 35 % seier dei har ei «Nøytral haldning til nynorsk». Om lag 12 % meiner nynorsk er «uviktig og negativt». Når det gjeld målbyte, var det av 282 innkomne svar 45 elevar som hadde bytt frå nynorsk til bokmål då dei byrja på vidaregåande, eller i løpet av dei tre åra dei har gått der. Dette utgjer 16 % av elevane. Ingen har bytt frå bokmål til nynorsk.<sup>12</sup>

## Haldningar til ulike skriftnormalar

Eg var interessert i å sjå kva syn elevane hadde på ulike typar skriftnormalar i nynorsk, dersom det blei formulert på ein nokolunde forståeleg måte kva ein slik mogleg skriftnormal innebar. Eg stilte difor spørsmålet «Om du kunne velje, kva ville du hatt?» med desse alternativa:

1 «Ein nynorsk der ein kan velje mellom mange ulike former, som gir høve til å tilpasse språket til dei ulike dialektane i Noreg.»

2 «Ei konservativ eller moderat form for nynorsk der ein ikkje kan velje mellom mange ulike former. Avstand til bokmålet er viktig.»

3 «Ein moderne nynorsk som har fleire bokmålsformer, mindre handheving av kva ord som ikkje er lov å skrive, og som dessutan ikkje har valfridom i bøyingsverk og endingar.»

Alternativ 1 må tolkast meir eller mindre som det systemet vi har i dag, medan alternativ 2 og 3 er ulike variantar av ein skriftnormal med mindre valfridom. Om lag 32 % av elevane ønskjer alternativ 1, medan 38 % kunne tenkje seg alternativ 2. 20 % vil ha ein nynorsk med fleire bokmålsformer, mindre handheving av kva som er lov, og ingen valfridom.

Om ein ser på kva målform elevane har, blir fordelinga noko annleis. Nynorskelevane deler seg på midten i dei to første alternativa, med 40 % på kvar. Eit mindretal (14 %) ønskjer det tredje alternativet, medan om lag 5 % svarar «Anna».<sup>13</sup> Av bokmålslevane er det derimot eit fleirtal på 35 % som ønskjer «ei konservativ eller moderat form for nynorsk». 27 % vil ha det tredje alternativet, medan 23 % ønskjer ein nynorsk «der ein kan velje mellom mange ulike former».

12 Rett skal vere rett: Ein respondent gav opp at han/ho hadde bytt til nynorsk, men la også til i det opne svaret følgjande: «lol». Det står for «laugh out loud». Svaret var altså meint som ein spøk.

13 Det er totalt 26 elevar (19 bokmål, 7 nynorsk) som svarar «Anna», og 17 av dei har svara med kommentarar. Desse kommentarane går stort sett ut på at ein «ønsker ett skriftspråk i Norge», eller at sidemål burde vere valfritt.

Det er vel knapt overraskande at fleirtalet av bokmålelevane ønskjer ein nynorsk som skil seg meir frå bokmålet, om ein tenkjer seg at sideformer som er samanfallande med bokmål kan verke forvirrande på desse elevane. Det er likevel verdt å ta med seg at så mange som nesten éin tredjedel av elevane totalt ønskjer det første alternativet med valfrie former. Og det er kanskje endå viktigare at 40 % av hovudmålelevane tenkjer slik om nynorsken sin. Likevel: Prosentvis er det like mange av hovudmålelevane som ønskjer ein nynorsk med færre valfrie former, og i elevgruppa totalt er det altså 6 % fleire som ønskjer ein meir moderat nynorsk med færre valfrie former. Den tydelegaste tendensen ein kan trekkje ut av dette er nok at sidemålelevane ønskjer mindre valfridom.

### Kva syn har målbyte-elevane?

Ein kan også trekkje inn ein annan variabel for å nysansere datamaterialet, nemleg kva for målform ein har hatt som *opplæringsmål*. Då reknar ein også med dei som tidlegare har hatt nynorsk, men som har gått over til bokmål på vidaregåande. Det interessante her er då at prosenttalet på alternativ 1 går ned til 36 % for nynorskelevane. Kan dette vere elevane som har gått over frå nynorsk til bokmål som verkar «negativt» inn for ein skriftnormal med valfridom? Om ein ser isolert på målbyte-gruppa i dette spørsmålet, ser ein at 45 % av dei som seier dei har bytt målform frå nynorsk til bokmål, ønskjer ei konservativ eller moderat form for nynorsk der ein ikkje kan velje. Den same gruppa fordeler seg likt med 24 % på kvar av dei to andre alternativa. Dette fortel oss altså at dei som har bytt frå nynorsk til bokmål i større grad ønskjer mindre valfridom enn dei som har halde på målforma si. I forlenginga av dette kan ein difor tenkje seg at valfridomen i nynorsk kan vere éin av grunnane til den såkalla «språklege lekkasjen».<sup>14</sup> Dette skal eg kome nærmare innpå litt seinare.

### Synet på ulike nynorsktekstar

I spørjeskjemaet skulle også elevane ta stilling til fire ulike og heilt konkrete tekstvariantar (sjå tabell 1).<sup>15</sup> Desse varierer frå nokså konservativ nynorsk til nokså radikal nynorsk og fangar opp både ulike endingar og ulikt ordtilfang. Den sistnemnde tematikken er rett nok ikkje det eg undersøker i masteroppgåva mi, og i etterpåklokskapens lys kunne ein ønskt at tekstane hadde fanga opp meir av den vesentlege valfridomsproblematikken; valfridomen i morfemverket. Valet av tekst seier likevel noko om kva for syn eleven har på korleis nynorsken bør sjå ut. I allfall ser det ut til at det store fleirtalet av elevar kjenner seg beinveges mest igjen i tekst 3 (50 %) og tekst 4 (41 %). 8 % ønskjer den noko konservative varianten i tekst 2, medan så godt som ingen kjenner seg att i variant 1.

<sup>14</sup> Uttrykket er henta frå årstale nr. 4 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, Grepstad 2004.

<sup>15</sup> Teksten er henta frå hovudoppgåva *Det er heilt naturleg*, skriven av Bente Selback (2001). I den hovudoppgåva blei det brukt tre tekstar, medan eg opererer med fire variantar.



Tabell 1: Kva for tekstvariant elevane kjenner seg umiddelbart mest igjen i.

Tekstvariant	Alle	Nynorsk (% av gruppe)	Bokmål (% av gruppe)
1 «Eg ser med otte på tilhøvi langs skulevegen åt borni her i krinsen og vonar at styresmaktene i framtidil vil løyva meir pengar for å sikre tryggleiken åt dei mjuke trafikantane.»	0,4 %	0,7 %	0 %
2 «Eg ser med otte på tilhøva langs skulevegen til borna her i krinsen og håpar at styresmaktene i framtida vil løyve meir pengar for å sikre tryggleiken åt dei mjuke trafikantane.»	8 %	9 %	8 %
3 «Eg ser med bekymring på tilhøva langs skulevegen til barna her i krinsen og håper at styresmaktene i framtida vil løyve meir pengar for å sikre tryggleiken til dei mjuke trafikantane.»	50 %	66 %	31 %
4 «Eg ser med bekymring på forholda langs skulevegen til barna her i kretsen og håper at myndigheitene i framtida vil bevilge meir pengar for å betre sikkerheita til dei mjuke trafikantane.»	41 %	24 %	61 %

Dette datamaterialet seier vel oss først og fremst at nynorskelevane er noko meir moderate i valet av skriftnormal, men også at dei i stor grad utelukkar variantane i den tradisjonalistiske og konservative leia. Det er likevel mange av dei (24 %) som har valt ein meir radikal nynorsk.

Eit interessant aspekt ved at dei fleste bokmålelevane har kryssa av for den mest radikale nynorsken, er den opplagde inkonsistensen i at mange av dei ønskjer ein nynorsk som skil seg frå bokmålet, noko vi såg tidlegare.

I sum kan ein nok seie at den oppfatninga elevane har av kva ein nynorsktekst skal vere, sirkklar kring ein slags midtlinjenormal i tekst 3, men at mange ønskjer eit ordtilfang som er mjuka opp, jf. dei mange som har valt tekst 4. Sidan tekstane likevel ikkje fangar opp så mykje av det som er den reelle valfridomen (t.d. val mellom *noe* og *noko*, *mye* og *mykje*, og *høyre* eller *høre*), er det vanskeleg å bruke dette som eit argument for eller imot valfridom i rettskrivinga.

## Brukar elevane valfridomen?

I tidlegare undersøkingar om temaet valfridomen i nynorsk har det vore vanleg å spørje respondentane om kva dei ser på som viktige allmenne trekk ved eit skriftspråk. Ein er blitt beden om å ta stilling til i kva grad ein er samd med utsegner som «Skriftspråkbriken bør framfor alt vere korrekt».<sup>16</sup> Dette har å gjere med kva skriftspråksyn ein har. Sjølv har eg først og fremst prøvd å undersøkje kunnskap om nynorsk rettskriving i granskinga mi, men eg har òg med nokre konkrete

<sup>16</sup> Sjø Selback 2001:104.

spørsmål knytte til i kva grad elevane sjølve meiner dei tek i bruk valfridomen. Dette kan nok sjåast på meir som ei *oppfatning* av kva dei gjer, enn måling av reine haldningar.

Eg stilte spørsmålet «Gjennom dei tre åra du har gått i den vidaregåande skulen, i kva grad har du forma di eiga «personlege» norm i det nynorske skriftspråket ditt?», med alternativa «Svært stor grad», «Nokså stor grad», «Nokså liten grad», «Svært liten grad» og «Usikker».<sup>17</sup> Fleirtalet av elevane, 47 %, fell inn i kategoriane «Nokså liten grad» og «Svært liten grad». Om lag 35 % svarar «Nokså stor grad» eller «Svært stor grad», men felles for begge gruppene er at langt dei fleste plasserer seg i ein «nokså»-kategori. Det er få ekstremitetar. Interessant er det at heile 18 % svarar at dei er usikre på dette spørsmålet. Dette kan anten tyde på at dei ikkje forstår spørsmålet, eller at dei ikkje orkar å ta stilling til det. Kanskje er det ein kombinasjon av desse.

Av nynorskelevane er det om lag 40 % som seier at dei har forma ei personleg norm i nokså stor eller svært stor grad (men berre 5 % på svært stor grad). Det er rett nok like mange som seier at dei ikkje har det. Av bokmåselevane er det færre som meiner dei har forma ei personleg norm, sjølv om det bør reknast som oppsiktsvekkjande at heile 29 % meiner dei har utvikla ei personleg form i det nynorske skriftspråket sitt. Litt over halvparten seier dei har gjort dette i liten grad.

Det er altså ikkje noko eintydig svar ein får om ein er ute etter ei stadfesting på om elevane ønskjer ei meir homogen norm i nynorsk. Ein kan nok heller seie at dette materialet syner at valfridom er viktigare for dei som har det som hovudmål, enn for dei som har det som sidemål. Nynorskgruppa deler seg om lag på midten i oppfatninga av bruk av valfridom i nynorsken sin. Denne prosentfordelinga i nynorskgruppa samsvarar dessutan med synet på kva slags skriftnormal ein ønskjer seg. Det kan difor tenkjast at det først og fremst er *tankane* ein har om kva eit skriftspråk skal vere, som blir målt i dette tilfellet, og ikkje i kva grad dei brukar valfridomen. Men det motsette kan sjølv sagt også vere tilfellet.

## Valfridom viktig for nynorskeleven?

Eg var interessert i å stille dei ulike gruppene (bm. og nyno.) eit spørsmål som var formulert spesifikt til kvar av dei. I programmet Questback, som eg har brukt, er dette mogleg å gjere gjennom funksjonen som blir kalla *routing*. Dei som hadde kryssa av for nynorsk som målform, ville dermed få opp dette spørsmålet: «At du kan velje mellom ulike ord og endingar i nynorsk (som til dømes mellom 'da' eller 'då' og 'koseleg' eller 'koselig'), kor viktig har det vore for at du har halde på eller skifta til nynorsk?»<sup>18</sup> Her kunne ein svare «Svært viktig», «Nokså viktig», «Nokså lite viktig», «Svært lite viktig», «Usikker», eller «Har ikkje vore klar over at eg kan velje».

17 Det ligg ei spennvidd i tolkinga av kva ei «personleg norm» er, og eg tok difor med ei forklaring ovanfor spørsmålet som freista å klargjere at ein med personleg norm meinte valet av ulike ord og former.

18 Sidan det er ingen elevar som har bytt frå bokmål til nynorsk, kan ein vere rimeleg viss på at dei aller fleste av desse elevane har hatt nynorsk som opplæringsmål i barne- og ungdomsskulen.

Om ein grupperer dei fire første svaralternativa i to grupper (viktig og lite viktig), ser vi at 26 % av nynorskelevane meiner valfridomen har vore viktig for dei. 50 % seier dette har vore lite viktig for dei. I kategorien «Usikker» er det 21 %, noko som må kategoriserast som eit høgt tal. Nærare 3 % seier dei ikkje har vore klar over at dei kan velje. Det kan hende «usikker»-kategorien kan reknast inn i kategorien der ein ikkje har vore klar over valfridomen. Dette kan tolkast på same måten som tolkingane eg har vore inne på tidlegare: Nynorskgruppa er ikkje einsarta, og det er framleis ei gruppe (1 av 4) som meiner valfridomen er viktig for dei. Det er likevel verdt å merke seg at så mange nynorskelevar er usikre når dei får dette spørsmålet, noko ein såg i avsnittet ovanfor òg. Det kan tyde på at systemet med valfridom ikkje blir presentert godt nok i skulen, eller at dei har for lite kunnskap om norskfaget generelt.

Kva så med bokmålelevane? Til dei stilte eg spørsmålet litt omkalfatra: «At det har vore mange ulike former å velje mellom i nynorsk (som til dømes mellom 'da' eller 'då' og 'koseleg' eller 'koselig'), kor viktig har det vore for at du har halde på eller skifta til bokmål?» Her er kategoriane «Usikker» og «Har ikkje vore klar over at eg kan velje» endå sterkare representerte, med til saman 34 % av bokmålelevane. 40 % seier dette har vore svært lite eller nokså lite viktig, medan vel 17 % seier at dette har vore nokså eller svært viktig.

Det mest interessante vil kanskje vere å setje spørsmålet ovanfor opp mot den gruppa av elevane som har bytt frå nynorsk til bokmål. Vona er då å få svar på følgjande spørsmål: *Er nynorsk rettskriving så forvirrande at dette er årsaka til målbyttet?* Her deler gruppa seg igjen. 19 % av dei som har skifta til bokmål, meiner valfridomen var ein viktig grunn til at dei gjorde det, medan 42 % meiner dette ikkje har hatt så mykje å seie. Samtidig er heile 37 % av målbyte-elevane usikre på spørsmålet. Kor skal vi plassere dei? Eg tolkar det slik at målbyttet for desse har vore eit lite reflektert val, dei har rett og slett gjort det fordi det har vore det mest lettvinne for dei, av kjende årsaker som sterk påverknad frå bokmål generelt i samfunnet. Det er også verdt å merke seg at svært få i målbyte-gruppa er negative til nynorsk: Berre tre respondentar. Resten fordeler seg om lag på midten i variablane «Nynorsk er viktig og positivt» og «Nøytral haldning til nynorsk». Dei aller fleste av målbyte-elevane har altså ikkje så dårlege erfaringar med nynorsk i opplæringa at dette har gjort dei til nynorskhatarar.

Som vi såg tidlegare, ønskjer 45 % av målbyte-elevane ein moderat nynorsk med mindre valfridom. Ein kan difor ane ein inkonsistens i svara til desse elevane, når langt dei fleste meiner at valfridom ikkje har vore årsaka til målbyttet. Ein bør likevel ta på alvor at nær 1 av 5 seier at valfridomen har vore ein grunn til at dei gjekk over til bokmål. Spørsmålet vi bør stille oss til sjuande og sist, er kanskje dette: *Hadde desse elevane skifta til bokmål, jamvel om nynorsk hadde ei rettskriving med ei strammare norm?*

## Kva med læraren?

Norsk læraren si rolle overfor språkvala elevane gjer, må ikkje undervurderast. Dette er også noko som er blitt framheva i tidlegare undersøkingar om temaet valfridomen i nynorsk. Det er til dømes blitt hevda at eleven blir pressa bort frå

eigne formval av læraren.<sup>19</sup> Grunnane til dette kan vere fleire. Ein har lurt på om lærarane sjølve har god nok kunnskap om valfridomen, men òg om nokre uttrykkjer negative haldningar til ei heterogen norm av språkpolitiske grunnar. Endeleg er det også blitt hevda at lærarane gir råd om å ikkje bruke klammeformer, fordi det kan vere ein dårleg strategi til eksamenen for elevane. Ein meiner altså at enkelte sensorar registrerer feil rettskriving viss eleven bruker klammeformer, fordi dei rett og slett ikkje veit at formene er innanfor rettskrivinga.

Det første spørsmålet eg stilte elevane om læraren si rolle, gjekk på i kva grad dei *hjelper* elevane til å finne talemålsnære former: «I kva grad føler du at du har fått rettleiing og opplæring frå norsklæraren din / norsklærarane dine i å finne fram til dei formene i nynorsk som ligg nærast talemålet ditt?» Eg opererer igjen med dei same svaralternativa som tidlegare. 27 % svarar at dei i nokså eller svært stor grad har fått opplæring eller rettleiing frå læraren sin, medan 60 % svarar at dei i nokså eller liten grad har fått det. 13 % er usikre på dette. Det er ingen oppsiktsekkjande skilnader mellom nynorskelevane og bokmålslevane i dette tilfellet. Det vil derimot vere meir interessant å sjå på i kva grad dei som har hatt nynorsk som opplæringsmål i barne- og ungdomsskulen, har fått opplæring og rettleiing. Her deler respondentane seg nøyaktig femti-femti mellom dei som meiner dei har fått opplæring og rettleiing, og dei som meiner dei ikkje har fått det. Å seie at det ikkje eksisterer noka form for opplæring i valfridomen, vil altså vere å ta hardt i, og det ville kanskje også vere underleg. Men om ein meiner at eit rettskrivingssystem med stor valfridom skal vere eit tilbod til *alle* elevar, og særskilt dei som har nynorsk i barne- og ungdomsskulen, kan det tyde på at det er eit forbettringspotensial i skulestellet på nett dette punktet.

Det andre spørsmålet om læraren si rolle var av typen der eleven blei til dels pressa inn i ei kategorisering av læraren. Spørsmålet var: «Kva for haldningar har den noverande norsklæraren din presentert i høve rettskrivinga i nynorsk?» Alternativ 1 «Skriv konservativt nynorsk, så klarer de å skilje mellom bokmål og nynorsk» 2 «Skriv så talemålsnært som de kan, og bruk valfridomen i nynorsk» 3 «Læraren har ikkje presentert noka bestemt haldning i høve rettskrivinga i nynorsk» 4 «Anna». Alternativ 1 fekk 29 %, alternativ 2 19 %, medan 44 % svarar at læraren ikkje har noka bestemt haldning. 7 % svara «Anna». Det er altså tydeleg at det finst iallfall to ulike typar lærarar: Den som går for den «konservative» tilnærminga, einskapslinja, og talemålsentusiasten. Kvar finn ein så desse ulike lærarane? 60 % av «einskapslærarane» finn ein på bygdeskulane (Volda og Stranda), medan 40 % av dei er i byen. I byen er 67 % av lærarane positive til valfridom, medan om lag 32 % er det på bygdene. Dette fortel oss kanskje at det er større utslag av nynorsktradisjonisme mellom lærarane på bygdene.

---

19 Celia M. Berg: *La oss skrive slik det er naturlig og behagelig* 1999

## Kunnskap om valfridomen

Tidlegare undersøkingar om valfridomen i norsk har i stor grad lagt vekt på haldningar. I undersøkinga mi var eg difor svært oppteken av å måle faktisk kunnskap om rettskrivinga i nynorsk. Det gjorde eg gjennom tre testar i byrjinga av spørjeskjemaet. Eg skal greie ut om desse testane i tur og orden.

*Kunnskapstest 1* hadde 20 setningar som kvar inneheldt eit ord eleven skulle vurdere om det er lov å bruke ut frå den offisielle rettskrivinga. Eit døme: «'Nå skal det bli godt med ein pause frå alt skulearbeidet.' (nå)». Ordet dei skulle ta stilling til, stod altså i parentes, og det var også opplyst ovanfor testen. Under setninga kunne ein klikke på anten «Er lov å skrive i nynorsk», eller «Er ikkje lov å skrive i nynorsk». Dei 20 orda eg brukte, var desse: *Mye, nå, husi, menneskje, ønsker, bygge, følge, hjerte, fikk, samme, komme, drømmane, sumaren, tjener, spennande, høre, lykke, spille, kjøyrde, da*. Som ein ser, er det sjølvsagt lagt inn ord som er feil òg: *menneskje, ønsker, følge, samme, tjener, spille, kjøyrde*. I ettertid har eg fundert over kvifor eg valde akkurat desse orda, og eg har også lurt på om dette var i overkant vanskeleg for elevane. Kven veit til dømes at *ønsker* ikkje er lov når j-lause former er lov nesten overalt elles? Det same gjeld for verbet *følge*. Den mest subtile nyansen mellom feil og rett er kanskje ordet *menneskje*. I den samanhengen ordet står i den aktuelle setninga («Ho er eit godt menneskje»), blir rettskrivinga feil. Men ein kan likevel bruke ordet i tydinga *menneskeætta*. Og det kan vel nesten karakteriserast som vondskapsfullt å setje *samme* og *komme* opp ved sida av kvarandre. Denne testen må difor karakteriserast som litt kinkig for dei fleste elevar. Gjennomsnittsskåren var heller ikkje så høg.

*Kunnskapstest 2* gjekk ut på at elevane skulle *skrive* inn dei rette vokalane, diftongane og konsonantsamansetjingane. Om dei visste at det fanst fleire former av ordet, blei dei bedne om å skrive inn dei formene dei sjølv ønskte å bruke. Sidan det var elevane sjølv som skreiv inn orda, gir dette materialet eit bilete av *faktisk skriftspråkbruk*. Elevane fekk denne teksten å ta stilling til:

«Eg såg **I\_\_set** (nr. 1) i enden av tunnelen. Det var sterkt, og eg **kjen\_\_e** (nr. 2) at det kom **b\_\_lgjer** (nr. 3) av uro gjennom meg. **S\_\_mardagen** (nr. 4) hadde gjort det varmt inne i bilen. Eg var **svi\_\_el** (nr. 5). **Ungdo\_\_ane** (nr. 6) eg hadde møtt på **tidl\_\_are** (nr. 7) på dagen hadde vist seg å **v\_\_re** (nr. 8) elevane mine. Det vil seie, dei var jo **sjø\_\_sagt** (nr. 9) det, for eg er lærar. Men eg er heilt **grø\_\_** (nr. 10) på dette yrket, og eg veit ikkje **k\_\_for** (nr. 11) eg **ha\_\_na** (nr. 12) akkurat på denne hylla i livet. **N\_\_** (nr. 13) er det likevel for seint å **by\_\_e** (nr. 14) yrke, så eg må vel klare å **me\_\_tre** (nr. 15) situasjonen trass i feil yrkesval. Noka stor **n\_\_d** (nr. 16) lid eg nok ikkje, og så er **elev\_\_ne** (nr. 17) ganske kjekke å ha med å **gj\_\_re** (nr. 18). Iallfall av og til.»<sup>20</sup>

*Kunnskapstest 3* handla om verb som har fleire typar bøyingar. Dette blei det opplyst om på førehand. Elevane blei bedne om å bøye *å spele*, *å håpe*, og *å forklare*. Dette er verb der såkalla *blanda bøying* er svært vanleg: *å spele, spelar, spelte, spelt*. I rettskrivinga skil ein rett nok mellom a-bøying og e-bøying. Om ein skriv *spelar* i presens, skal det, ifølgje rettskrivinga, vere *spela* i preteritum og

20 Celia M. Berg: *La oss skrive slik det er naturlig og behagelig* 1999

perfektum. Og omvendt: Om ein skriv *speler*, skal bøyinga vere *spelte*, *spelt*. Dette er likevel eit punkt i opplæringa som ikkje skal handhevast hardt, og sjølv går eg ut frå at blanda bøying er korrekt rettskriving.

## Resultat kunnskapstest 1

Når eg no skal gå inn på resultatata frå kunnskapstestane, vil eg først ta for meg reint beskrivande data. Nokre analysar og krysstabellar kjem seinare, men eg vil likevel ta omsyn til opplæringsmål i det følgjande. I prosentueringa har eg runda av til nærmaste heile tal, og eg har også merkt dei orda som er utanfor rettskrivinga med grått.

Tabell 2: Prosentvis del av elevane som meiner eit ord i nynorsk er lov eller ikkje lov. Alle elevar og etter målform i barne- og ungdomsskulen. Former som er utanfor rettskrivinga, er merkte med grått.

Kunnskapstest 1						
Ord	Samla		Opplæringsmålform			
	ER LOV	IKKJE LOV	Nynorsk (% av nynorskinformantar)		Bokmål (% av bokmålsinformantar)	
			Lov	Ikkje lov	Lov	Ikkje lov
<i>Mye</i>	12 %	88 %	10 %	90 %	18 %	82 %
<i>Nå</i>	42 %	58 %	42 %	58 %	43 %	57 %
<i>Husi</i>	52 %	48 %	51 %	49 %	52 %	48 %
<i>Menneskje</i>	64 %	36 %	64 %	36 %	63 %	38 %
<i>Ønsker</i>	66 %	34 %	70 %	30 %	56 %	44 %
<i>Bygge</i>	64 %	36 %	70 %	30 %	49 %	51 %
<i>Følge</i>	55 %	45 %	57 %	43 %	48 %	52 %
<i>Hjerte</i>	42 %	58 %	44 %	56 %	37 %	63 %
<i>Fikk</i>	37 %	63 %	33 %	67 %	45 %	55 %
<i>Samme</i>	44 %	56 %	47 %	53 %	35 %	65 %
<i>Komme</i>	60 %	40 %	60 %	40 %	58 %	42 %
<i>Drømmane</i>	43 %	58 %	37 %	63 %	53 %	47 %
<i>Sumaren</i>	69 %	31 %	74 %	26 %	57 %	43 %
<i>Tjener</i>	51 %	49 %	53 %	47 %	48 %	52 %
<i>Spennande</i>	67 %	33 %	65 %	35 %	71 %	29 %
<i>Høre</i>	27 %	73 %	30 %	70 %	23 %	78 %
<i>Lykke</i>	70 %	30 %	72 %	28 %	65 %	35 %
<i>Spille</i>	15 %	85 %	10 %	90 %	24 %	76 %
<i>Kjøyrde</i>	56 %	45 %	46 %	54 %	74 %	26 %
<i>Da</i>	49 %	51 %	43 %	57 %	63 %	38 %

Ein slik massiv tabell med tal er nok ikkje så lett å bli klok på med det første. Ein første merknad kan iallfall vere at det ikkje er monaleg store skilnader mellom elevar med nynorsk som opplæringsmål og dei som har hatt bokmål. Nokre få

stader skil gruppene seg frå kvarandre, men ikkje ofte, og heller ikkje med den litt automatiserte slutninga at nynorskelevane er dei som bør vite kva som er rett. Vidare er det interessant å sjå at fleirtalet av elevane meiner at tillatne former som *mye*, *nå*, *hjerte*, *fikk*, *drømmene* og *høre* ikkje er lov. Sterkast ser vi det på forma *mye*, der 88 % meiner at dette ordet ikkje er tillate, og det er ein større prosentdel nynorskelevar som meiner forma ikkje er lov. Dobbelformer som ser ut til å ha slått sterkare gjennom som rett i medvitet til elevane, er former som *bygge*, *komme*, *sumaren*, *spennande* og *lykke*. Den galne forma elevane reagerer sterkast på, er *spille*, der heile 90 % av nynorskelevane og 76 % av bokmåselevane identifiserer ho som ikkje tillaten. Elles er det berre sistnemnde form og ordet *samme* som fleirtalet klarer å bli «samde» om ikkje er rette. Det er interessant at så mange meiner at *kjøyrde* er ei tillaten form. Kanskje eit argument for å ta forma inn i rettskrivinga?

Eg vil leggje litt vekt på nynorskelevane. Er det merkeleg at det er eit større fleirtal av desse elevane enn bokmåselevane som meiner at *mye* ikkje er tillate å skrive i nynorsk? Om ein tenkjer seg at nynorskelevane kjem frå bygder i Møre og Romsdal der *mykje* er eit høgfrekvent ord i talemålet, blir det lettare å forstå kvifor dei tenkjer at *mye* er gale i nynorsk. I opne svar frå elevane i undersøkinga argumenterer dei som har halde på målforma si i svært stor grad med at nynorsk ligg nærmare dialekten deira. Det kan difor hevdast at det rett og slett har vore lite aktuelt for dei å finne ut om *mye* er ei tillaten form i nynorsk. Jamfører ein i tillegg dette med at lærarane på bygdene stort sett er tradisjonalar som kanskje oppmodar elevane til å skrive moderat nynorsk, er det meir forståeleg at dei ikkje har denne kunnskapen inne.

Gjennomsnittsskåren i kunnskapstest 1 var elles 9,8. Den høgste skåren var 15 av 20 moglege, medan den lågaste var 2.

## Kunnskapstest 2

Kunnskapstest 2 hadde to føremål. Det eine var å sjå om elevane skreiv inn rette former av orda, og det andre var å få eit oversyn over faktisk skriftspråkbruk. Skåren gjekk frå full pott til ingen poeng i det heile. I framstillinga under har eg berre teke med dei orda som er innanfor rettskrivinga, så ein må hugse at elevane skreiv inn fleire andre former. Til dømes var det heile 22 % som skreiv *somardagen*, men dette viser altså ikkje att. I rada for ordet *byte* var det også svært mange som misforstod og trudde ein skulle skrive inn *byrje* (23 %). Men det var også mange som skreiv inn *bytte*, som ikkje er korrekt.

Tabell 3: Prosentvis oversyn over kva former elevane har skrive inn når dei måtte ta stilling til manglande konsonantar, vokalar og konsonantsamansetjingar. Alle elevar og etter målform i barne- og ungdomsskulen.

Kunnskapstest 2			
	Samla	Målform i opplæringa	
Ord		Nynorsk (% av nynorsk-informantar)	Bokmål (% av bokmåls-informantar)
Lysset	58 %	33 %	29 %
Ljoset	32 %	60 %	55 %
Kjende	76 %	77 %	71 %
Kjente	15 %	13 %	18 %
Bølgjer	91 %	93 %	89 %
Bylgjer	1 %	1 %	0 %
Sumardagen	37 %	35 %	40 %
Sommardagen	31 %	38 %	19 %
Svimmel	92 %	92 %	90 %
Ungdommane	43 %	47 %	37 %
Ungdomane	53 %	48 %	61 %
Tidligare	20 %	10 %	42 %
Tidlegare	74 %	84 %	53 %
Vere	83 %	82 %	84 %
Sjølvsagt	94 %	94 %	92 %
Grøn	73 %	74 %	69 %
Kvifor	93 %	95 %	88 %
Korfor	1 %	1 %	2 %
Hamna	59 %	63 %	52 %
Nå	7 %	6 %	11 %
No	87 %	89 %	80 %
Byte	21 %	24 %	15 %
Meistre	57 %	60 %	47 %
Nød	31 %	23 %	48 %
Naud	60 %	68 %	39 %
Elevane	95 %	93 %	98 %
Gjere	92 %	94 %	88 %
Gjøre	2 %	1 %	5 %
Gjera	0,4 %	0,5 %	0 %

Det første ein må kunne stadfeste, er at der *er* ein heterogenitet i skriftspråket til elevane. I tabellen ovanfor kjem ikkje dette tydeleg nok fram. Former som *kaffor* og *kofor*, *sjølsagt*, *være* og *våre* førekjem også, men dei er ikkje høgfrekvente. Av dei galne formene som er høgfrekvente, kan ein nemne *somardagen* (22 %), *grønn* (18 %), *havna* (34 %), *bytte* (40 %) og *mestre* (37 %). Empirien i dette kan leie oss fram til nokre førebelse konklusjonar: Eleven brukar valfridomen, sjå t.d. *ungdommane/ungdomane* og *tidligare/tidlegare*, men får problem når dei skal ta stilling til ord der systemet med valfridom kanskje skulle tilseie at forma er lov,



jamfør dei høgfrekvente orda over som er galne ifølgje rettskrivinga. Konsonant-samansetjingar og doble konsonantar ser slik sett ut til å vere gjengangaren.

Når det gjeld tilhøvet mellom nynorskinformantane og bokmålsinformantane, er det vanskeleg å seie noko eintydig om valet av former. Nokre gonger held bokmålsinformantane seg i større grad til meir tradisjonelle former, t.d. *sumardagen*, medan dei andre gonger i større grad vel meir «liberale» former som *tidligare*, *ungdommane* og *nød*.

### Kunnskapstest 3

Den tredje og siste kunnskapstesten dreidde seg om verbbøying. Elevane fekk i oppgåve å bøye dei tre verba *spele*, *håpe* og *forklare*, alle verb som kan bøyast på to måtar, eller tre, om ein reknar med blanda bøying. Det er tydeleg at det var vanskeleg for elevane å vite korleis dei skulle gjere dette, for det kom inn svært mange variantar i svara, sjølv om det nokså eintydig gjekk fram at ein skulle skrive inn formene i presens, preteritum og perfektum, altså *speler*, *spelte*, *spelt*, eller *spelar*, *spela*, *spela*, eller *spelar*, *spelte*, *spelt*. Dette var også den testen der ein såg størst innslag av talemålsinterferens av typen *spele* i presens. Endeleg er det tydeleg at der er nokså stor grad av tastefeil i denne testen òg (*speltar*, *spelte*, *spelt*). Kan hende var elevane «slitne» og klare for å gå vidare i undersøkinga, no då dei visste at dette var den siste testen.

Tabell 4: Oversyn over kva bøyingsformer elevane bruker i verba *spele*, *håpe* og *forklare*. Alle og etter målform i barne- og ungdomsskulen.

Kunnskapstest 3			
	Samla	Målform i opplæringa	
Verb 1		Nynorsk (% av nynorskinformantar)	Bokmål (% av bokmålsinformantar)
Spelar, spelte, spelt	37 %	46 %	18 %
Speler, spelte, spelt	29 %	26 %	35 %
Spelar, spela, spela	3 %	2 %	2 %
Verb 2			
Håpar, håpte, håpt	27 %	30 %	23 %
Håper, håpte, håpt	29 %	29 %	29 %
Håpar, håpa, håpa	4 %	5 %	1 %
Verb 3			
Forklarar, forklarte, forklart	40 %	42 %	36 %
Forklarer, forklarte, forklart	30 %	33 %	23 %
Forklarar, forklara, forklara	1 %	0,5 %	1 %

Som ein ser er blanda bøyning svært vanleg. Berre verbet *håpe* har litt mindre blanda bøyning enn dei to andre kategoriane, elles er denne kategorien i fleirtal. Bøyning med -a i preteritum og perfektum er lite frekvent, noko ein sannsynlegvis må sjå i samband med talemålet til elevane på Nordvestlandet, som tilseier *spelte* og *spelt* i supinum. Nynorskelevane har større grad av blanda bøyning internt i gruppa si, medan bokmålsinformantane nyttar seg meir av bøyingskategorien *håper, håpte, håpt*. Dette kan kanskje forklarast med at nynorskelevane i større grad tenkjer dialektsamsvar når dei bøyer (t.d. *ej håpa, i går håpte ej, ej he håpt*).

## Kunnskapsvariabelen og samanhengen med andre variablar

I prosjektet mitt ønskte eg også å undersøkje samanhengen mellom kunnskap og sosiokulturelle bakgrunnsvariablar. Er det til dømes slik at elevane med foreldre som har høg utdanning, skårar betre på kunnskap? Og kva med haldningane til nynorsk? Har det noko å seie? Er det samband mellom faktisk kunnskap og oppfatning av i kva grad ein brukar valfridomen? Andre bakgrunnsvariablar eg har undersøkt, er t.d. i kva grad elevane nyttar seg av ordliste og minigrammatikk. Eg skal ikkje ta for meg alle desse forholda i denne artikkelen, berre nokre få utvalde variablar frå datamaterialet.

Totalt kunne ein få 44 poeng på alle tre testane om ein hadde alt rett. Gjennomsnittsskåren på dei tre testane samla var 25, medianen 26, den høgste skåren 33, og den lågaste 7.

Ein må ta omsyn til opplæringsmål når ein lagar krysstabellar mellom kunnskap og andre variablar. Ein kan risikere å få falske, eller spuriøse, sambandar om ein til dømes legg stor vekt på at negative haldningar påverkar kunnskap negativt, utan å ta omsyn til at 187 av elevane faktisk har hatt nynorsk som opplæringsmål i barne- og ungdomsskulen. Dette kan ha gitt desse elevane meir kunnskap om valfridomen, sjølv sagt. Men som vi har sett tidlegare, er ikkje dette nødvendigvis regelen. Tidlegare såg vi at det var prosentvis fleire nynorskelevane enn bokmålslevane som meinte at *mye* ikkje er innanfor rettskrivinga.

Om ein set opp ein krysstabell mellom opplæringsmål og kunnskapspoeng sortert i ordinale kategoriar (7–17, 18–21, 22–25, osv.), ser ein at nynorskelevane har større representasjon i poengkategoriene 26–29 og 30 poeng og oppover (sjå tabell 5). I poenggruppa under (22–25 p.) er det rett nok fleire bokmålslevane enn nynorskelevane. Eit meir rett bilete kan ein få ved å samanlikne gjennomsnittet mellom dei ulike gruppene. Då baserer ein kunnskapsskåren på alle talverdiane og misser ikkje informasjon ved å dele poenga inn i grupper. Tala viser då at dei som hadde bokmål som opplæringsmål, fekk ein gjennomsnittleg skår på 24,3 poeng. Elevane med nynorskbakgrunn fekk ein skår på 25,3. Dei seks elevane som har svara «Anna» på målform i opplæringa (dei har som regel hatt begge målformer vekselvis), skårar gjennomsnittleg 26,5 poeng. Her er altså skilnader, men ikkje store, berre 1 prosentpoeng mellom bokmåls- og nynorskelevane. Ein må likevel ha dette i bakhovudet når ein tolkar andre krysstabellar.

Tabell 5: Samanhengen mellom kunnskap i rettskrivinga og kva opplæringsmålform elevane har hatt.<sup>21</sup>

		Kva for skriftspråk vart du opplært i då du gjekk på barne- og ungdomsskolen?			Totalt
		Bokmål	Nynorsk	Anna	
Kunnskapsskår alle tre testar – gruppert	7–17	4,5 %	4,8 %		4,6 %
	18–21	12,4 %	9,6 %		10,3 %
	22–25	48,3 %	27,3 %	33,3 %	34,0 %
	26–29	31,5 %	46,0 %	66,7 %	41,8 %
	30–	3,4 %	12,3 %		9,2 %
Totalt		100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %

% av «Kva for skriftspråk vart du opplært i då du gjekk på barne- og ungdomsskolen?»

N=282

### Kunnskap og oppfatning av eigen nynorsk

Eg har òg sett på samanhengen mellom kunnskapsskår og kva elevane har svara på spørsmålet «Gjennom dei tre åra du har gått på vidaregåande, i kva grad har du forma ei 'personleg' norm i det nynorske skriftspråket ditt?». Det ser ikkje ut til at elevane som har svara nokså eller svært stor grad på spørsmålet, skil seg vesentleg ut med høgare kunnskapsskår. Om ein samanliknar svarkategoriane «Nokså stor grad» og «Nokså liten grad» i spørsmålet ovanfor, er det svært små skilnader ein ser (sjå tabell 6). Dei som har svara «Svært stor grad», merkjer seg noko ut i poenggruppa 26–29, men er samtidig ikkje så godt representerte i den øvste poengskalaen. Det er også fleire av desse som skårar svært dårleg (8,3 %).

Det ser difor ut til å ikkje vere nokon sterk samheng mellom kunnskap om valfridom og oppfatninga eleven har av at han har forma ei personleg norm. Men som eg har vore inne på tidlegare, kan det synast kunstig å gjere ei slik samanlikning. Det er ingen automatikk i at elevar som har svara «Nokså stor grad» eller «Svært stor grad» på spørsmålet om personleg norm, skal ha meir kunnskap om nett det eg spør om i kunnskapstestane mine. Systemet med valfridom er der for å skape takhøgde for utbreidde talemålsformer, og då er det ikkje nødvendigvis slik

<sup>21</sup> I dei følgjande tabellane har eg valt å ta med éin desimal i prosentueringa. Vanleg tabellskikk er å ikkje ta med desimalar, men i nokre tilfelle er prosenttala så småe at det er nødvendig med desimalar for å sjå nysansane.

at elevane gjer seg kjende med om dei har lov til å skrive *nå*. Iallfall ikkje når ei slik form ikkje er aktuell for dei eingong. Spørsmålet ein kan stille seg er om dei *burde* ha kunnskap om dette.

Tabell 6: *Samanhengen mellom kunnskapsnivå i rettskriving og i kva grad ein gjennom dei tre åra på vidaregåande har forma ei «personlege» norm i nynorsk.*

		Gjennom dei tre åra du har gått i den vidaregåande skulen, i kva grad har du forma di eiga «personlege» norm i det nynorske skriftspråket ditt?					
		Svært stor grad	Nokså stor grad	Nokså liten grad	Svært liten grad	Usikker	Totalt
Kunnskap alle tre testar gruppert	7–17	8,3 %	4,7 %	2,9 %	3,6 %	7,8 %	4,6 %
	18–21	0 %	8,1 %	12,5 %	10,7 %	11,8 %	10,3 %
	22–25	33,3 %	39,5 %	34,6 %	28,6 %	25,5 %	33,8 %
	26–29	50,0 %	39,5 %	40,4 %	42,9 %	47,1 %	42,0 %
	30–	8,3 %	8,1 %	9,6 %	14,3 %	7,8 %	9,3 %
Totalt		100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %

% av «Gjennom dei tre åra du har gått i den vidaregåande skulen, i kva grad har du forma di eiga «personlege» norm i det nynorske skriftspråket ditt?»

N=281

## Kunnskap og nynorskeleven

Som tidlegare nemnt blei nynorskelevane åleine stilte eit spørsmål om kor viktig valfridomen har vore for dei. 26 % svara at det har vore svært eller nokså viktig, medan 50 % svara nokså lite eller svært lite viktig. Om ein ser på tabell 7, vil ein sjå fordelinga desse elevane har i dei ulike poenggruppene på kunnskapstesten. Det mest interessante ein vil sjå her, er at alle elevane som markerer seg i det øvre sjiktet (30 poeng og oppover) har svara at valfridomen har vore nokså lite eller svært lite viktig for dei. Også i poengkategorien under (26–29 p.) ser ein at dei som meiner valfridomen har vore «nokså lite viktig», har 10 % større representasjon enn dei som har svara «nokså viktig».

Kven er desse elevane som skårar høgast på kunnskap i denne testen, men som står på at valfridom har vore ein lite viktig grunn til at dei skriv nynorsk? Det kan tenkjast at dette er typiske kjerne-nynorskbrukarar som har avklara normalet sitt; dei held seg stort sett til hovudformene i rettskrivinga, men er bevisste språkbrukarar som kjenner moglegheitene innanfor målforma si. Det kan

tenkjast at dette er «flinkis-elevar», som ønskjer gode karakterar i norskfaget og som dermed vel å ta få sjansar i rettskrivinga. (Som eg har vore inne på tidlegare i omtalen av lærarane og haldningane dei kan ha til valfridomen, kan det tenkjast at elevane i nokre tilfelle blir rådde til å halde seg til hovudformer.) Uansett er det tydeleg at det heller ikkje her er noko som tyder på at elevane som meiner valfridomen har vore viktig for dei, har gjort seg så kjende med rettskrivings-systemet at dei kjenner det inn og ut. Særleg skulle ein tru at det var nokre av dei som svara «Svært viktig» på spørsmålet som ville ha merkt seg ut i det øvste poengsjiktet. Men desse elevane kan òg ha svara «Svært viktig» av di dei kort og godt likar tanken på at dette er grunnen til at dei skriv nynorsk, altså nærleik til dialekten sin. Men kunnskap om vilkårleg valde former i den vide rettskrivinga har dei nødvendigvis ikkje.

Tabell 7: *Samanhengen mellom kunnskap i rettskrivinga og i kva grad nynorskelevane meiner at valfridomen har vore viktig for at dei har halde på eller skifta til nynorsk.*

		At du kan velje mellom ulike ord og endingar i nynorsk (som til dømes mellom 'da' eller 'då' og 'koseleg' og 'koselig'), kor viktig har det vore for at du har halde på eller skifta til nynorsk?						
		Svært viktig	Nokså viktig	Nokså lite viktig	Svært lite viktig	Usikker	Har ikkje vore klar over at eg kan velje	Totalt
Kunnskap alle tre testar gruppert	7–17	0 %	4,0 %	6,7 %	2,3 %	3,2 %	0 %	3,4 %
	18–21	7,1 %	12,0 %	13,3 %	6,8 %	3,2 %	0 %	8,1 %
	22–25	35,7 %	32,0 %	13,3 %	13,6 %	45,2 %	25,0 %	25,7 %
	26–29	57,1 %	40,0 %	50,0 %	52,3 %	45,2 %	75,0 %	49,3 %
	30–	0 %	12,0 %	16,7 %	25,0 %	3,2 %	0 %	13,5 %
Totalt		100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %

% av «At du kan velje mellom ulike ord og endingar i nynorsk (som til dømes mellom 'da' eller 'då' og 'koseleg' og 'koselig'), kor viktig har det vore for at du har halde på eller skifta til nynorsk?»

N=148

## Kunnskap og synet på skriftnormal

Ein krysstabell mellom kunnskap og synet på kva skriftnormal ein helst vil ha, kan også vere tenleg å ta med, særleg jamført med tabellen ovanfor. Tabell 8 syner sprikjande datamateriale mellom gruppene, men i sum må ein kunne seie at det er dei «konservative» elevane som skårar best. Det ser ein tydelegast i poenggruppa 26–29, mindre tydeleg i gruppa 30 poeng og oppover.

Som eg har vore inne på tidlegare, kan det skjule seg opplæringsmålform latent i desse svara. Det kan tenkjast at ein del av dei som har svara at dei ønskjer ein nynorsk med avstand til bokmålet, også har hatt nynorsk som opplæringsmålform.

Tabell 8: *Samanhengen mellom kunnskap i rettskrivinga og synet elevane har på ein ønskt skriftnormal.*

		Om du kunne velje, kva ville du hatt:				
		Ein nynorsk der ein kan velje mellom mange ulike former, og tilpasse dei ulike dialektane.	Ei konservativ eller moderat form for nynorsk der ein ikkje kan velje. Avstand til bokmålet er viktig.	Ein moderne nynorsk som har fleire bokmålsformer, mindre handheving av kva som ikkje er lov å skrive, men som ikkje har valfridom.	Anna	Totalt
Kunnskap alle tre testar gruppert	7–17	2,2 %	4,8 %	5,3 %	7,7 %	4,3 %
	18–21	5,6 %	6,7 %	19,3 %	19,2 %	10,1 %
	22–25	40,0 %	29,5 %	35,1 %	30,8 %	34,2 %
	26–29	42,2 %	46,7 %	35,1 %	38,5 %	42,1 %
	30–	10,0 %	12,4 %	5,3 %	3,8 %	9,4 %
Totalt		100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %

% av «Om du kunne velje, kva ville du hatt:»

N=278

## Kunnskap og haldning til nynorsk

I pedagogikken, eller kanskje rettare sagt, *argumentasjonen* for sidemålsfaget, er omgrepet *haldning* svært mykje framme. Difor blir det vanskeleg å gå utanom det her òg. Talmaterialet i denne undersøkinga stadfestar det direktør for Språkrådet, Sylfest Lomheim snakkar om: Haldningar *har* noko å seie. Tabell 9 viser at det ikkje er så stor skilnad mellom dei gruppene som er positive og nøytrale til nynorsk. Det er derimot signifikante samanhengar om ein set elevane som er negative, opp mot dei som er positive.<sup>22</sup> Det ein må hugse på, endå ein gong, er sjølvsagt dette med opplæringsmålform. Som vi har sett, har dette innverknad på kunnskapen, og samanhengen må difor ikkje tolkast så sterkt som tala viser. Ein må alltid tenkje atterhald. Samanhengane er aldri nødvendigvis kausale, og det kan vere mengder med ulike andre variablar som spelar inn òg.

Tabell 9: Samanhengen mellom kunnskap i rettskrivinga og haldninga elevane har til nynorsk.

		Haldning til nynorsk				
		Nynorsk er viktig og positivt	Nynorsk er uviktig og negativt	Nøytral haldning til nynorsk	Anna	Totalt
Kunnskap alle tre testar gruppert	7-17	2,8 %	9,1 %	5,1 %		4,3 %
	18-21	9,2 %	18,2 %	8,2 %	33,3 %	10,4 %
	22-25	28,9 %	33,3 %	42,9 %	16,7%	34,1 %
	26-29	45,8 %	36,4 %	39,8 %	16,7 %	41,9 %
	30-	13,4 %	3,0 %	4,1 %	33,3%	9,3 %
Totalt		100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %

% av Haldning til nynorsk

N=279

<sup>22</sup> Om ein nyttar ein statistisk test i statistikkprogrammet SPSS, ein såkalla ONE-WAY ANOVA (analysis of variance), kjem signifikansen tydeleg fram. Eg har rett nok valt å ikkje ta med ein slik tabell her, mest av plassomsyn.

## Opne svar frå elevane

Spørjeskjemaet som blei sendt ut, gav elevane høve til å svare oppe på i alt 17 spørsmål. Som oftast var det oppfølgingsspørsmål av typen «Her kan du utdjupe svaret ditt». Andre gonger var spørsmålet meir direkte og dessutan lenkja til eit særskilt svar elevane gav i forkant. Det var tilfellet med det opne svaret eg skal ta for meg i denne artikkelen. Spørsmålet eg stilte først, var: «Kor vanskeleg synest du det er å vite kva som er rett nynorsk?». Om ein så svara «Svært vanskeleg» eller «Nokså vanskeleg», fekk ein eit ope spørsmål: «Du har svart at du synest det er SVÆRT eller NOKSÅ vanskeleg å vite kva som er rett nynorsk. Kva er det som er spesielt vanskeleg?» Det resulterte i seks A4-sider med opne svar frå elevane, som elles er berre éin del av dei mange opne svara som kom inn.

Ein må halde tunga beint i munnen når ein skal tolke slike opne svar. Ein kan ikkje berre gi eit par døme frå mylderet, og basere ei tolking utifrå det. Presisjonsnivået i svaret er dessutan ein indikator på om eleven faktisk veit kva han snakkar om, eller om han berre problematiserer faget generelt. Ein må såleis kategorisere dei opne svara. Eg har valt å dele dei inn i kategoriane som er å sjå i tabell 10. Det er sanneleg ikkje lett å vite kvar ein skal plassere mange av svara, sidan mange av dei er vage og lite konkrete. Det eg har gjort, er å gi talverdien 1 til kvart ulikt moment i svara. Eitt svar kan dermed gå inn i fleire kategoriar. Nokre av kategoriane grensar tett opptil kvarandre, slik som «Ordtilfang» og «Skilje frå bokmål», og får dermed ofte registrert ein verdi kvar på det same momentet.

Tabell 10: Kategoriar av opne svar på spørsmålet «Du har svart at du synest det er SVÆRT eller NOKSÅ vanskeleg å vite kva som er rett nynorsk. Kva er det som er spesielt vanskeleg?».

Kategoriar av opne svar	
Bokstavering/rettskriving	14
Verbbøying	12
Substantivbøying	5
Bøying – generelt	27
Ordtilfang	39
Valfridom	9
Skilje frå dialekt	8
Skilje frå bokmål (om bokmålsord er tillatne eller ikkje)	25
Alt eller mykje er vanskeleg	15
Grammatikk er vanskeleg	3
Setningsbygning/formulering	4

Ut frå dette oversynet er det mykje som tyder på at desse elevane slit mest med det nynorske ordtilfanget (39 verdiar), og særleg om det er lov eller ikkje lov med «bokmålsord» (25 verdiar). Ordtilfangsproblematikken, som er underordna i oppgåva mi, blir dermed det sentrale her. Denne problematikken er nok litt på sida av det som er kjernen i valfridomen, valfridom i morfologi og bøyingssverk, sjølv om det strengt teke handlar om fridom til å skrive slik ein talar.



Men, og dette er ein viktig parentes, ein ser at det er mange som seier at bøy-  
ing, og her er elevane nokså vage, er eit problem for dei. Inn i denne kategorien  
går også det elvane kallar endingar. Nokre elevar er meir spesifikke og skil mel-  
lom verb- og substantivbøyning. Verbbøyning ser såleis ut til å vere meir problema-  
tisk. Det er vanskeleg å identifisere at nokon snakkar direkte om valfridom, men  
dette har kome kategorien «Valfridom» i tvilstilfelle til gode. Ein snakkar då helst  
om at «det er så mykje som er lov», og at det er «mange former» å velje mellom.

Personleg, med min bakgrunn frå eit såkalla nynorsk kjerneområde der  
dialektnærleik var det fremste argumentet for å skrive nynorsk, synest eg katego-  
rien «Skilje frå dialekt» er interessant.<sup>23</sup> Tanken om at ein skal kunne skrive som  
ein snakkar, kan fort bli ei kvilepute, iallfall dersom ein er oppteken av å følgje  
den gjeldande rettskrivinga. Slike svar kan såleis vere illustrerande: «Å hvite om  
det skal være ..f.eks..Meinar eller meiner...den type gramatikk..». Her sirklar ein  
kring den evige diskusjonen om talespråk som *natur* og skriftspråk som *kultur*.  
Skriftspråket, altså her nynorsk, skil seg frå dialektane på fleire punkt, og det  
heiter difor *meiner*, sjølv om talemålet på Nordvestlandet kanskje skulle tilseie  
*meinar*, jamfør den sunnmørske varianten «ej meina». Ei slik problematisering av  
pedagogiske tilnærmingar til nynorsken er konfliktframkallande og kjenslevar,  
fordi ein ofte legitimerer bruken av han gjennom nett det at nynorsken er meir ta-  
lemålsnær enn bokmålet. Poenget her er vel til sjuande og sist at det er avgjerande  
å formidle at nynorsk skrift *er* noko meir enn dialekten til den einskilde brukaren.  
Nynorsk er *både* dialekt og ein *abstraksjon* av mange ulike talemål i Noreg. Ein  
kan finne att mykje av sitt eige dialektgods i nynorsk, men ein må jo tilpasse seg  
her òg.

Eitt ope svar fekk meg til å stoppe opp og fundere: «Mye klammeformer gjør  
at jeg kommer unna med mer bokmålsord en jeg burde, lærer ikke hva som er  
rett nynorsk da». Kva er i så fall rett nynorsk? Her har eleven ei oppfatning av at  
det finst former som er meir rette enn andre, og klammeformer er ifølgje eleven  
*ikkje* det. Kvifor har eleven ei slik oppfatning av klammeformer? Kanskje er det  
sjølve nemninga *klammeform* som heftar ved statusen til dei orda som er ordna i  
denne hierarkiske kategorien? Slik sett kan ein tolke det som at systemet med dei  
to nivå i rettskrivinga, klammeformer og hovudformer, gir elevane ei oppfatning  
av at noko *er* meir korrekt enn det andre. Det bør vere ein tankekross ved det  
rettskrivingsystemet ein har i dag. Frå ein slik synsstad bør ein gjere alle former  
til hovudformer. Spørsmålet, som det var ved utgreiinga til ny rettskriving i 2002,  
er kor mykje av valfridomen ein ønskjer å ta med seg.

---

23 Omgrepet *det nynorske kjerneområdet* synest elles å vere på veg ut blant fagfolk i Noreg.

## Avslutning

I masteroppgåva mi har eg ønskt å undersøkje om elevane i den vidaregåande skulen i Møre og Romsdal opplever valfridomen i nynorsk som eit gode eller eit vonde. Eg har primært ønskt å undersøkje kunnskap i rettskrivinga, men har òg prøvt å kartleggje haldningar og oppfatningar hos elevane, og dessutan sosio-kulturelle variablar. I denne artikkelen har eg sett på eit utval av variablane frå datamaterialet eg har fått til rådvelde.

I synet på kva skriftnormal elevane ønskjer seg, er det tydeleg at elevane i denne gruppa i stor grad utelukkar dei meir tradisjonelle variantane. Samtidig viser datamaterialet at 32 % av informantane ønskjer ein nynorsk der «ein kan velje mellom mange ulike former, som gir høve til å tilpasse språket til dei ulike dialektane i Noreg». I nynorskgruppa er fordelinga mellom ein skriftnormal med valfridom og ein med mindre valfridom heilt lik, med 40 % på kvart alternativ. Storleiken på desse gruppene syner at det blir vanskeleg å konkludere med noko som talar for at nynorskelevane ønskjer mindre valfridom. Om ein derimot ser på gruppa samla, ønskjer ei overvekt av elevane mindre valfridom og meir avstand til bokmålet (38 %). Av dei som har nynorsk som sidemål, er trenden tydeleg: Litt over 60 % av desse ønskjer mindre valfridom, men deler seg kring spørsmålet om dei vil ha avstand til bokmålet eller mindre handheving av kva ord som er lov å skrive.

Når elevane blir stilte spørsmål om i kva grad dei tek i bruk valfridomen, er det også her ei deling i gruppa. 35 % av elevane svarar at dei i nokså stor grad eller svært stor grad har forma ei «personleg» norm i nynorsk. I nynorskgruppa er talet 40 %. Endå eit spørsmål, som berre blei stilt til nynorskelevane, tek utgangspunkt i om valfridomen har vore ein viktig grunn til at dei har halde på eller skifta til nynorsk. Her er tala annleis: 26 % meiner valfridomen har vore viktig, medan heile 50 % meiner han ikkje har vore det. Felles for dei to spørsmåla er likevel at ein god del er usikre på spørsmålet.

Når det gjeld faktisk kunnskap om valfridomen, slik han blir uttrykt i kunnskapstest 1 i undersøkinga, syner resultatata at fleirtalet av elevane ikkje har oversyn over at former som *mye*, *nå*, *hjerte*, *fikk*, *drømmane* og *høre* er tillatne i rettskrivinga. Det er ubetydelege skilnader mellom informantane som har hatt nynorsk i opplæringa, og dei som ikkje har hatt det. Eit par former har nynorskinformantane rett nok betre oversyn over. Samtidig er det færre bokmålsinformantar enn nynorskinformantar som kryssar av for at *da* og *mye* ikkje er lov. Desse formene er som kjent lov å skrive.

Kunnskapstest 2 syner ein faktisk skriftspråkbruk, og ein kan ta med seg vidare at det er ein heterogenitet i tekstkorpuset som har kome inn. Til dømes er det 43 % som skriv *ungdommane*, medan 53 % skriv *ungdomane*. Samtidig er det tydeleg at elevane slit noko med doble konsonantar og konsonantsamansetjingar. Det syner den høge frekvensen av dei galne formene *somardagen*, *grønn*, *havna*, *bytte* og *mestre*.

I verbbyøyinga er det viktigaste funnet at svært mange elevar nyttar blanda bøyning (*spelar*, *spelte*, *spelt*). Dette må sjåast i samanheng med talemålet til elevane på Nordvestlandet.

Om ein set kunnskapsvariabelen opp mot kva oppfatning elevane har av i kva

grad dei har utforma ei personleg norm i nynorsk, syner tabellane at elevar som meiner dei i nokså liten grad har utforma ei personleg norm, skårar jamt over betre. Innanfor nynorsk-gruppa åleine er det også dei som seier at valfridom har vore nokså lite eller svært lite viktig for at dei har halde på nynorsken, som skårar betre. Det er såleis ein diskrepans mellom ønskt skriftnormalt (valfridom) og god kunnskap om valfridomen. Ein skulle tru at elevar som ønskjer ein skriftnormal med valfridom, og som kryssa av for at valfridom har vore viktig for at dei har halde på nynorsk, skårar litt betre. Men dette kan også vere ei falsk slutning. Det er til dømes lite sannsynleg at former som *mye* og *nå* er aktuelle for mange av elevane.

Samtidig skulle ein tru at fleirtalet av elevane kjende til at former som *høre*, *da* og *drømmene* er innanfor rettskrivinga. Den viktigaste konklusjonen i denne samanhengen, trur eg, blir at elevane har problem med å ta stilling til doble konsonantar og konsonantsamansetjingar i ord. Når ein kan skrive *sumardagen*, men også *sommardagen*, er det vel ikkje så rart at svært mange elevar skriv *somardagen*? Og kor lett er det å vite at verbet *byte* er med éin t? J-lause former verkar også å vere eit problemområde. Langt dei fleste elevane meiner at *ønsker* og *følge* er tillate i rettskrivinga. Desse formene har likevel obligatorisk j i rettskrivinga. Men er dét logisk når ein kan skrive *tenke* og *bygge* utan j? Ein norsklærer eg prata med då eg var på besøk på skulen hans og fortalde om resultata frå undersøkinga, sa rett nok til meg at han ikkje ville ha sett raud strek under ordet *ønsker*. Denne mannen har nok retta nokre tusen stilar.

Spørsmålet om valfridomen i nynorskrettskrivinga er eit gode eller eit vonde for elevar i den vidaregåande skulen i Møre og Romsdal, er eit stort spørsmål å svare på. Datamaterialet i denne undersøkinga kan tolkast i mange retningar, og kjem an på kva skriftspråksyn ein legg til grunn. Altså, kva grad av korrektheit legg ein til grunn, og kva syn har ein på kva nynorsken skal vere? Som vi har sett i kunnskapstest 2, brukar elevane valfridomen i nynorsken i ganske stor grad. Med unntak av nokre einskildord som er svært lite brukte (*gjøre*, *nå*, *korfor*, *bylgjer*), ser ein at elevgruppa vekslar mellom *lyset* og *ljuset*, *kjende* og *kjente*, *sumardagen* og *sommardagen*, *ungdommane* og *ungdomane*, *tidlegare* og *tidligare*, og *nød* og *naud*.<sup>24</sup> Elevane blei her oppfordra til å bruke den forma dei ønskte å bruke, når dei visste at dei kunne velje. Denne heterogeniteten i formvala kan peike i retning av at det bør vere valfridom. Det som er av inkonsekvens og som fører til at elevane stundom skriv feil, bør ein kunne ete i seg, vil ein representant for talemålsideologien seie. Ein representant for einskapslinja vil derimot seie at dette datamaterialet syner at elevane i stor grad vinglar, at her er for mange feil, og at det er pussig at elevane ikkje har betre oversikt over valfridomen i rettskrivinga. Ein vil då argumentere med at systemet med valfridom slår bein under den indre systematikken og logikken i nynorsk.

Men kva meiner elevane sjølve? Som eg har vore inne på då eg omtala dei opne svara, peikar elevane i stor grad på at dei er usikre på ordtilfanget og kva

---

24 Her må eg igjen understreke at forma *nå* sannsynlegvis er lite aktuell i talemålet. *Korfor* er lite brukt, mest sannsynleg fordi den forma er lite brukt i nynorsk elles også.

som er lov og ikkje lov å bruke av ulike bokmålsord. Dette kan grense opp til valfridomsproblematikken i enkelte tilfelle. Til dømes kan ein tenkje seg at elevane blir usikre på kva andre ord som er tillatne når *mye* og *noe* er lov å skrive. Desse einskildorda som er samanfallande med bokmål, er likevel berre ei handfull ord, og det burde vere greitt å lære seg dette. Verre vil det kanskje vere for elevane å stadig vekk måtte ta stilling til om det skal vere dobbel konsonant, j i ordet, diftong eller monoftong, kort sagt dei delane av skriftspråket som handlar om morfemsystemet.

Det kan også opplevast som frustrerande å følgje talemålskjensla si i den trua at dei dialektformene ein bruker, er rett nynorsk, for så å bli korrigerert av læraren nett på dei dialektformene ein trudde var rett nynorsk. Dialektnærleiken og valfridomen er slik sett både nynorskens lodd og, for ein god del nynorskbrukarar, ein av hovudgrunnane til at dei vel nett denne målforma.

Spørsmålet om å halde på ein monaleg stor valfridom i den nynorske rettskrivinga er òg eit spørsmål om kven nynorsken skal vere mest til for. Er det hovudmålsleven eller er det sidemålsleven som veg tyngst? Om sidemålsstilen framleis skal vere gjeldande i den norske skulen, er det i alle fall tydeleg at representantane for denne gruppa meiner at valfridomen bør snevrast inn. På hi sida kan ein seie at desse elevane ikkje har nynorsk som sitt hjartespåk, og at ein difor først om fremst bør normere ut frå dei som har nynorsk som hovudmål. I denne granskinga er nynorskrespondentane delte i synet på kva skriftnormal dei ønskjer, medan fleirtalet i eit anna spørsmål, altså nokså inkonsistent, svarar at dei valfrie formene ikkje har vore viktige for at dei skriv nynorsk. Mange er dessutan usikre på spørsmåla, og dette kan tyde på at systemet med valfridom ikkje er ei reelt internalisert skriftnorm for elevane.

Spørsmålet om valfridom er eit gode eller vonde for eleven blir difor svært vanskeleg å svare på. Grunnen er enkel: Det kan tenkjast av valfridomen ikkje er reell. Storparten av dei elevane les av nynorsk tekst, som kanskje ikkje er overveldande mengder tekst, kan dessutan tenkjast å vere strigla nynorsk som består av hovudformer. Slik sett vil elevane kanskje heller ikkje oppleve nokon sterk skilnad i nynorsklivet sitt om ein tek ut klammeformene frå rettskrivinga. Dei som sterkast vil merke ei innsnevring i norma, er nok først og fremst profesjonelle språkbrukarar som har brukt årevis på å finne fram til sitt språk, og tradisjonalar med ein konservativ nynorsk som varemerke. Også dei som skriv liberal nynorsk i Østfold, må nok kanskje finne seg i å gi frå seg mange hjarteformer. Felles for alle desse gruppene er i alle høve at dei argumenterer sterkt for å få behalde sitt språk og sine former i rettskrivinga.

Ein skal ikkje kimse av dei goda eit skriftspråk med mykje variasjon fører med seg. Auka språktoleranse er eitt gode, meir vekt på munnlegheit eit anna. Desse gode sidene må ein vege opp mot det store pedagogiske prosjektet det vil vere å rettleie elevane gjennom det mylderet av former som finst i dag.

**Anders Aanes er masterstudent i nynorsk skriftkultur ved Høgskulen i Volda og arbeider til dagleg som dokumentasjonsleiar ved Nynorsk kultursentrum i Hovdebygda.**

# Fritekne – eller utelatne?

Av Astrid Syse Talsethagen

## Samandrag

Denne artikkelen er basert på masteravhandlinga mi frå 2008. Her er søkjelyset retta mot fritaksregelen som inntil nyleg har gitt alle minoritetsspråklege elevar rett til å bli fritekne for vurdering i norsk sidemål. Føremålet med avhandlinga var å undersøkje om fritaksregelen kan vere med på å fremme eller hemme ei god sidemålsundervisning. Kven blir fritekne, og kva for sidemålsundervisning får desse elevane? Tyder fritak for vurdering i røynda fritak for opplæring? Korleis opplever lærarar i Oslo-skulen at fritaksregelen fungerer? Kva pedagogiske, språklege og integreringsmessige konsekvensar kan fritaket føre til? Spørsmål som desse og fleire blir forsøkt svart på i denne artikkelen. Som ein hovud-konklusjon kan det seiast at fritaksregelen kan vise seg å få utilsikta og uheldige konsekvensar både for fritakselevar og for ordinære elevar.

## 1 Innleiing

I 2008 skreiv eg ei masteravhandling med denne tittelen, som handla om sidemålsundervisning på ungdomstrinnet for minoritetsspråklege elevar. Dette var på det tidspunktet relativt upløgd mark, for få før meg hadde retta merksemd mot akkurat dette temaet. Eg hadde likevel registrert ei allmenn og relativt brei semje blant mange om at elevar som ikkje opphavleg er frå Noreg, skal måtte slippe å lære seg både bokmål og nynorsk. Denne tanken var òg dels forankra i lova, nærare bestemt i forskrift til opplæringslova<sup>1</sup> § 3-6, der det inntil nyleg stod at alle elevar med andre morsmål enn norsk, samisk, finsk og teiknspråk har rett til fritak for vurdering i norsk sidemål.

Sidemålsundervisning er i seg sjølv eit nokså betent tema. Rettare sagt er det nynorsk som sidemål, og ikkje sidemål i seg sjølv, som viser seg å vere problemet<sup>2</sup>. I arbeidet med masteravhandlinga møtte eg fleire som var overraska over temavalet mitt. På mange måtar forstår eg at somme er negative til at det i det heile skal diskutert om elevar frå språklege minoritetar skal lære seg å skrive både nynorsk og bokmål. Det finst mange gode grunnar til at somme, og kanskje til og med mange minoritetsspråklege elevar bør fokusere på å lære seg éi målform. Fleire minoritetsspråklege har dårlege basiskunnskapar frå før av. Somme har gjerne manglande skulegang frå heimlandet, og fleire har foreldre eller føresette som ikkje meistrar norsk i det heile, og som dermed ikkje kan hjelpe til med lekser og anna skulearbeid. Mange har alt i alt og av ulike grunnar sterke behov for

---

1 Kunnskapsdepartementet 2006

2 Sjå t.d. Berge og Skog i St.meld. nr. 30 (2003–2004)

særskild tilrettelegging, og mykje tyder på at fritaksregelen er tufta på nettopp denne tanken om at minoritetsspråklege elevar treng anna tilrettelegging enn majoritetsspråklege. At elevar skal få ei opplæring tilpassa det nivået dei faktisk er på, er eit grunnleggjande prinsipp for all undervisning i Noreg. Så kvifor er fritaksregelen i det heile noko å diskutere?

For det første er det mange elevar i norsk skule i dag som har rett til dette fritaket. Berre av den grunnen er det interessant å sjå nærare på temaet. I Oslo, der innvandrarattletleiken er størst, utgjorde elevar frå språklege minoritetar heile 39 % av den totale elevmassen per 01.10.2008<sup>3</sup>. For det andre er dette ei svært så heterogen gruppe. Om dei har noko felles, så er det dette: dei er forskjellige. Minoritetsspråklege elevar er ikkje berre fattige born frå krigsherja land som ikkje har skulegang eller ressurssterke foreldre bak seg. I denne gruppa finn vi både sterke og språkdyktige elevar utan behov for slik tilrettelegging, og svake elevar som utan tvil har nettopp slike behov.

For det tredje meinte eg det var grunn til å sjå litt nærare på sjølve grunnlaget for fritak. Den gjeldande forskrifta tok utgangspunkt i morsmålet når ho definerte minoritetsspråklege elevar. Men er dette eit eintydig omgrep? Kva er eigentleg eit morsmål? Er det slik at ein norsk elev som til dømes har svensk mor, blir sedd på som minoritetsspråkleg etter denne definisjonen? PISA-undersøkinga definerer ein minoritetsspråkleg elev som eit barn med foreldre som begge er fødte i eit anna land enn Noreg. Definisjonen i fritaksregelen var då vidare enn dette, og såg ut til å opne for ei brei tolking av omgrepet. Er det nødvendigvis slik at alle elevar som fell inn under denne kategorien, meistrar norsk såpass dårleg at dei treng spesiell tilrettelegging i form av eit slikt fritak?

Fleire spørsmål reiste seg difor: Er det mogleg å lage ein vellukka fritaksregel basert på ein så vid definisjon av omgrepet minoritetsspråkleg? For kven er eigentleg fritakselevane? Når det er så mange av dei som det faktisk er i dag, kan ein òg spørje korleis fritaksregelen fungerer. Kva sidemålsundervisning får eigentleg fritakselevane, og kan det vere at denne regelen har implikasjonar for sjølve sidemålsundervisninga? Spørsmål som dette munna ut i den følgjande problemstillinga:

*På kva måte kan fritaksregelen verke inn på sidemålsundervisninga på ungdomsskulen – fremmar eller hemmar han ei god sidemålsundervisning?*

Vel eit halvt år etter at masteravhandlinga var ferdig, blei det vedteke nye forskrifter for elevvurdering<sup>4</sup> som skal gjelde frå 01.08.2009. Fritaksregelen er framleis med i forskriftene til den nye opplæringslova § 3-22, og han er mellom anna framleis knytt til det å vere minoritetsspråkleg. For å ha rett til fritaket er det no likevel ein føresetnad at eleven har hatt rett til særskild språkopplæring på eitt eller fleire av årsstega på ungdomstrinnet. Dermed blir terskelen for å få fritak

3 Utdanningsetaten 2008

4 Kunnskapsdepartementet 2009

noko høgare, i og med at ikkje alle som fell under kategorien minoritetsspråkleg har behov for særskild norskopplæring. Fritak for vurdering i sidemål vil etter mitt syn likevel vere ei utfordring, og er ei ordning som kan få konsekvensar for den heilskaplege sidemålsundervisninga. Derfor bør denne regelen også i tida framover stå på den politiske, didaktiske og språklege dagsordenen. Dette vil eg kome tilbake til avslutningsvis. Det er likevel viktig å presisere at denne artikkelen må lesast i lys av dei forskriftene som gjaldt då avhandlinga blei skriven.

Hovudføremålet med denne artikkelen er dermed å presentere masteravhandlinga mi. I tillegg til å presentere funna vil eg setje temaet inn i ein kontekst. Eg kjem litt inn på kvifor vi har sidemålsopplæring i Noreg, og kvifor dette er sett på som viktig. Dermed ser eg òg på læreplanar og sentrale føringar for norskopplæringa, for funna og det overordna temaet blir drøfta avslutningsvis. Konklusjonen min er at sidemålsopplæring er eit viktig tema som har relevans både i integreringsmessige, kulturelle og språklege debattar.

## 2 Kvifor?

Spørsmålet som stadig reiser seg i samband med nynorskdebattar, er nettopp dette enkle spørjeordet: kvifor? Svaret er kanskje ikkje like enkelt for mange. For kvifor skal vi lære oss å skrive nynorsk, når alle i utgangspunktet forstår kvarandre? Kvifor må vi lære oss eit språk som vi aldri kjem til å få bruk for, og som såpass få faktisk brukar? Kvifor kan vi ikkje heller lære oss fleire framandspråk, i staden for å bruke tid og energi på å lære oss endå eit norsk språk? Spørsmål som desse vil vere velkjende for dei fleste som arbeider med norskundervisning på alle nivå.

### 2.1 Motstand mot nynorsk

Motstanden mot nynorsken er godt innarbeidd i store delar av det norske folket, og han kan vere tung og energitappande å stå imot for ein lærar. Ein kan lure på kvifor denne motstanden har blitt såpass stor. Som Ottar Grepstad<sup>5</sup> seier: Det er i kvardagen utanfor klasseromma at motviljen mot målforma har blitt danna og tradert, det er ikkje nødvendigvis sidemålet i seg sjølv som har skapt dette. Landsmålet representerte i si tid noko nytt, nemleg ei demokratisk endring i dei norske maktstrukturane. Før var det norske skriftspråket eit tungt, arkaisk dansk – eit språk som låg milevis unna dialektane folk flest snakka i Noreg. Å lese og skrive var på den tida eit privilegium for dei få, og dermed var det dei rike, velstående og godt utdanna som sat med makta. Om landsmålet skulle vinne terreng, ville det bety at det ikkje lenger berre var dei kondisjonerte som ville ha noko å seie i samfunnet. For det er ein gong slik at språk er makt, og å meiste skriftspråket i landet er alfa og omega når det handlar om å forstå kva som skjer rundt ein. Landsmålet representerte dermed ein trugsel for makthavarane, og framstøytar

---

5 2002

frå målfolket blei derfor møtt med mykje motstand frå delar av embetsstanden<sup>6</sup>. Det er i grunnen ikkje rart at denne motstanden oppstod. Det meste som er nytt og uvanleg, blir ofte sett på som *unaturleg* i byrjinga. Her kan ein sjå på kvinnekampen som eit døme. Kor mange 1700-talsmenn meinte vel det var naturleg at ei kvinne skulle ha like mykje å seie som ein mann? For dei kondisjonerte på 1800-talet var det vanleg, dermed *naturleg*, at dei privilegerte skulle styre samfunnet. Det som er nytt, verkar ofte skremmande, og det som er uvant, verkar ofte unaturleg. Denne tankegangen kan vere med på å forklare den første motstanden mot landsmålet i Noreg.

## 2.2 Nynorsk i dag

Trass i dette veit vi at landsmålet, seinare nynorsken, likevel vann terreng heilt fram til den andre verdskrigen. Då brukte heile 34,1 % av norske skulekrinsar nynorsk som hovudmål. Krigen gjorde likevel sitt til at samfunnet endra seg stort i ettertida, og av fleire grunnar blei det færre og færre nynorskbrukarar. Geirr Wiggen<sup>7</sup> meiner den største grunnen til dette er det nye, internasjonale massekulturpresset, og at søkjelyset no blei retta meir mot urbanisering og framtidsretting enn mot målstrev og bondekultur. Det er då ikkje vanskeleg å sjå at riksmålet og bokmålet, bymåla, vann meir på dette enn nynorsken, landsmålet. Utviklinga gjekk mot eit bysamfunn, og bokmålet blei på grunn av det sett på som framtidsspråket av mange. Somme meiner at Riksmålsforbundet utnytta dette og brukte høvet til å bygge opp under gamle fordommar for å styrkje saka si: «Nynorsken er rik på ord og uttrykk for livet på gamle gårdsbruk, (...) alt som er enkelt, håndfast og storlinjet, men ikkje særleg tjent til å uttrykke abstrakte begreper, sammenfløkte tankerekker og det moderne samfunns tekniske og ideologiske problemer»<sup>8</sup>. Fordommar som desse blir framleis utnytta, særleg av politikarar, og det er ikkje vanskeleg å sjå at nynorskdebatten er, og har alltid vore, ein politisk diskusjon som på ingen måte berre dreier seg om språk og målformer.

Realiteten er altså at nynorsk er og blir eit mindre brukt språk. I dag brukar i underkant av 15 % av alle norske skuleborn nynorsk som sitt hovudmål. Som eit resultat av at det er lite brukt, er det på mange måtar òg eit diskriminert språk. Sjølv om det i mange kretsar er sett på som eit elitespråk, eit kulturspråk som er «vakkert til sitt bruk», er målet framleis usynleg på mange område. I dagspressa, i næringslivet og på kino støyter ein så godt som aldri på nynorsk skrift, for her dominerer bokmålet fullstendig. Ein kan trygt seie at bruken av nynorsk er akseptert, men berre innanfor visse domene. Som eit resultat av dette blir nynorsk noko fjernt for mange bokmålsungdommar. Dei har ikkje noko forhold til språket utanfor skulesamanheng. Når somme politikarar då byggjer opp under gamle fordommar og gjer nynorsken til eit fagemne det er lov å «hate», blir det for mange ikkje lett å forstå kvifor dei lyt lære seg denne målforma.

---

6 Jf. Lien 1981

7 1993

8 Sitert i Lien 1981



## 2.3 Dei gode grunnane

Likevel veit vi som fagpersonar at grunnane til dette er gode, og dei er mange. Det er kanskje lett å gløyme det, men nynorsk handlar også om språklæring. I den nye læreplanen for Kunnskapsløftet (2006) står det spesifikt at no, meir enn nokon gong, er det viktig med folk som meistrar språk og tekst. Lese- og skrivekompetanse er eit mål i seg sjølv, men det er òg eit middel til eit anna mål: å kunne tileigne seg kunnskapar i alle fag. I ei verd som stadig blir meir internasjonal, er språkmeistring nøkkelen til suksess. Å arbeide med to ulike variantar av norsk er likevel ikkje å kaste bort tid, tvert imot kan ein lære mykje av det. Grammatikk-læringa kan ha stor overføringsverdi når det gjeld å lære seg grammatikken i andre framandspråk. Ein som meistrar både nynorsk og bokmål, har eit stort og godt norsk ordforråd alt i alt. Vedkommande kan òg mykje om korleis ein kan uttrykke seg på ulike måtar. Kunnskapar i og om nynorsk har dermed overføringsverdi til bokmål. Viktige prinsipp i nynorsken, som til dømes å skrive enkelt, verbalt og munnleg, kan vere vel så viktige og gode i bokmål. Reknestykket er alt i alt ganske enkelt: di meir ein skriv og les, og di fleire språk ein meistrar, di lettare blir det etter kvart, og di flinkare blir ein – i alle fag.

Ein må heller ikkje gløyme det kulturelle argumentet. Å lære og å lære om nynorsk og bokmål gjer at ein tileignar seg kunnskap om landet vårt og om historia vår. Det vil ikkje vere heilt det same å ta bort den skriftlege delen av denne opplæringa, særskilt sidan begge språka er levande i dag. Kan vi tenkje oss ei engelskundervisning som berre handla om språket, og ikkje om å bruke det i praksis? Nei, argumenta for å halde fram med sidemålsundervisning er så sterke at det til no ikkje har vore aktuelt å endre denne ordninga, trass fleire forsøk med til dømes valfri skriftleg sidemålsopplæring. Etter det omfattande sidemålsprosjektet i Oslo i 2004–2007<sup>9</sup> bestemte byrådet i Oslo seg for å ikkje vidareutvikle eller halde fram med prøveprosjekt som desse. Konklusjonen deira var at søkjelyset burde rettast meir mot fagutvikling enn mot fritak<sup>10</sup>. Dette vedtaket kan vere med på å stadfeste den stabile posisjonen sidemålsundervisning har som ein viktig del av norskfaget både i grunnskulen og i vidaregåande opplæring, sjølv midt i bokmålsland. Men dette gjeld altså då ikkje for alle.

## 3 Fritaksregelen som tilrettelegging

I Noreg har vi ein einskapsskule, eit prinsipp som har vore lovfest sidan 1936. I all hovudsak går det ut på at alle norske barn skal ha rett til lik utdanning. Skulen skal vere open for alle, motverke skilnader i samfunnet og skape samhold: «Prinsippet om alles rett til en tilpasset opplæring og undervisning i et samordnet, felles skolesystem bygget på den samme læreplan, er fortsatt bærebjelken og drivkraften i arbeidet for videreutvikling av skolen»<sup>11</sup>. Å ha ein einskapsskule vil

<sup>9</sup> Les om dette prosjektet hos Vibe og Borgen (2007)

<sup>10</sup> Oslo Kommune (2008)

<sup>11</sup> NOU-9-1995

likevel ikkje seie at alle skal bli behandla på heilt lik måte. Tvert om ville skilnadene truleg auke kraftig dersom dette skulle vere realiteten. Det vil alltid vere somme som treng meir støtte og tilrettelegging enn andre. På grunn av dette er tilpassa opplæring eit grunnleggjande prinsipp for all opplæring i den norske skulen. Alle skal prøve å nå læreplanmåla på den måten som er best mogeleg tilpassa føresetnadene til den enkelte.

Ordinære elevar som går ut av ungdomsskulen, og seinare av den vidaregåande opplæringa (bortsett frå elevar som går ut frå vg2, yrkesfaglege utdanningsprogram), sit att med tre norskkarakterar: norsk munnleg på den eine sida og norsk skriftleg på den andre, med ein karakter i hovudmål og ein i sidemål. Sjølv om sidemålsundervisninga er omstridd, er ho framleis ein obligatorisk del for alle ordinære elevar. Elevar med andre morsmål, derimot, har rett til fritak frå karakter i fagemnet dersom dei ønskjer det. Det er nærliggjande å gå ut ifrå at dette fritaket er tufta nettopp på prinsippet om tilpassa opplæring. Elevar som har andre morsmål enn norsk, treng ofte anna tilrettelegging enn majoritetsspråklege elevar. Denne tanken går heilt tilbake til 1974, med den dåverande læreplanen.

### 3.1 M74, M87 og minoritetsspråklege elevar

Mønsterplan for grunnskulen 1974 (M74) er den første av dei moderne norske læreplanane. I tillegg til den ordinære læreplanen i norsk, norsk med skriftforming, fanst det her ein alternativ læreplan for elevar med andre morsmål eller hovudspråk enn norsk. Denne læreplanen var først og fremst mynta på samar og kvener, som då utgjorde den største minoritetsgruppa. Læreplanen skulle vere eit tilbod til desse barna frå skulegangen tok til, og så lenge det var naudsynt. Når elevane hadde nådd måla og var budde til å følgje den vanlege norskundervisninga, skulle dei altså kunne gå over til denne. I denne alternative læreplanen står det ingenting om verken nynorsk eller bokmål, medan «kjennskap til sidemålet» utgjorde eitt av seks hovudemne i den ordinære læreplanen i norsk. Alle som følgde denne, anten dei var majoritetsspråklege, norske barn, eller minoritetsspråklege overgangselevar, skulle bli vurderte i kompetansen sin i sidemål.

I Mønsterplan for grunnskolen 1987 (M87) kom omgrepet «språklege minoritetar» for første gong inn i læreplanen. No var det ikkje lenger berre samar og kvener som utgjorde minoriteten; innvandrargruppa var blitt meir heterogen og no sedd på som «en sammensatt elevgruppe». Det kjem tydeleg fram at denne læreplanen er prega av eit nytt og meir nyansert syn på innvandarane, og behovet deira for tilpassa opplæring blei derfor endå meir eksplisitt formulert. Som eit ledd i dette blei norsk som andrespråk for språklege minoritetar lansert som eit eige fag i læreplanen. Alle elevar som hadde eit anna morsmål enn norsk, samisk, dansk eller svensk kunne følgje denne gjennom heile den 13-årige skulegangen dersom dei ønskte det. Der M74 var ein overgangsplan som tok sikte på at elevane skulle følgje den alternative undervisninga fram til dei var klare til å delta i det ordinære norskfaget, var faget norsk som andrespråk i M87 altså eit sjølvstendig fag med avsluttande eksamen i 9. klasse på grunnskulen og 3. klasse i vidaregå-

ande opplæring<sup>12</sup>. Når det gjaldt sidemål i den læreplanen, var det slik at elevane på dei høgaste klassetrinna burde arbeide med lesetekstar både på nynorsk og bokmål, «men det kreves ikke at de selv skal beherske bruken av mer enn én målform». Det same gjaldt i Reform 94: Dei elevane som følgde norsk som andrespråk, skulle kjenne til sidemålet, men trong ikkje vise skrivedugleik. Å følgje den ordinære læreplanen i norsk var likevel òg eit reelt alternativ for dei minoritetsspråklege elevane som kjende seg kompetente til det. Alle dei som følgde den ordinære læreplanen i norsk i M87 (og R94), anten dei var majoritetsspråklege eller minoritetsspråklege, blei då vurderte i både hovudmålet og sidemålet sitt.

### 3.2 L97 og forskriftsfesting av fritaksretten

I 1997 kom læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97), og norsk som andrespråk-faget blei ført vidare. I tilknytning til denne læreplanen kom òg ei ny opplæringslov. I ein odelstingsproposisjon<sup>13</sup> blir behovet for ein lovfest fritaksregel diskutert. Her står det at departementet bør kome med sentrale forskrifter om vilkår for fritak, både for opplæring og vurdering i norsk sidemål, for å sikre tilpassa opplæring for dei minoritetsspråklege elevane. Før dette tidspunktet stod fritaket direkte formulert i læreplanane. Læreplanane på den tida var ikkje forskriftsmessige og lovfeste slik dei er i dag, og på grunn av dette var det viktig å få sikra rettane til minoritetslevane slik at dei skulle få ei best mogleg opplæring. Som ei vidareføring av M87, og på bakgrunn av mellom anna den ovannemnde eller nemnde proposisjonen, gjekk fritaksformuleringane ut av læreplanane. I staden blei det formulert i forskriftene til den nye opplæringslova at i alle høve elev-ar med andre morsmål enn norsk, samisk, finsk og teiknspråk har rett til fritak frå vurdering i norsk sidemål. Kva medførte så dette? Jo, i M87 var dei elevane som følgde læreplanen i norsk som andrespråk, fritekne frå skriveopplæring i sidemålet. Dei minoritetslevane som eventuelt følgde den ordinære undervisninga, blei derimot vurderte i sidemål på normal måte. Med den nye opplæringslova blei også dei elevane som følgde ordinær læreplan i norsk, men som likevel opphavleg hadde eit anna morsmål, fritekne frå vurdering med karakter i norsk sidemål.

### 3.4 Kunnskapsløftet og rett til særskild norskopplæring

Læreplan for kunnskapsløftet 2006 (LK06) er den nyaste læreplanen, og han gjeld både for grunnskulen og den vidaregåande opplæringa. Norsk som andrespråk er no ikkje lenger eit fag. I staden har elevar med andre morsmål enn norsk og samisk no rett til særskild norskopplæring fram til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege norskopplæringa<sup>14</sup>. Læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar er, som i M74, ein nivåbasert overgangsplan.

12 I 1994 kom det ein eigen læreplan for vidaregåande opplæring, Reform 94, som lanserte det same tilbodet til minoritetsspråklege elevar. Elevar som hadde følgd Norsk som andrespråk på grunnskulen, kunne dermed halde fram med det same faget når dei kom til vidaregåande opplæring.

13 Ot.prp. nr. 36 (1996–1997)

14 Opplæringslova § 2-8

Meininga er at når elevane har nådd måla i nivå 3 i læreplanen, skal dei gå over til å følgje ordinær undervisning. Dei som følgjer særskild norskopplæring, har rett til fritak for opplæring i sidemål etter § 1-11 i forskrift til opplæringslova. Når dei kjem inn i den ordinære undervisninga, har § 3-6 i forskrifta gitt dei rett til fritak for vurdering med karakter.

Det er vanleg med pendelsvingingar innanfor pedagogikk og didaktikk, og no er vi på mange måtar tilbake til det opphavlege prinsippet frå M74. Svake minoritetsspråklege følgjer ein eigen plan fram til dei er sterke nok til å ta del i det vanlege norskfaget. I M74 skulle overgangselevane likevel bli vurderte på lik line med dei andre elevane når dei først var gått over til det ordinære løpet. Slik er det ikkje lenger. Ifølgje den forskrifta som gjeld fram til 01.08.2009, har dei minoritetsspråklege elevane i den ordinære norskundervisninga, anten dei er overgangselevar eller ikkje, «i alle høve» rett til å bli fritekne frå vurdering med karakter i norsk sidemål.

## 4 Sjølve avhandlinga: bakgrunn, metode og funn

### 4.1 Innleiing

Eg vil no gå over til å kople emna sidemålsundervisning og minoritetsspråklege elevar saman. Det kan kanskje verke litt unaturleg å gjere ei slik kopling, men eg vil då vise til det som har blitt skrive over om kor lett det er å bruke omgrepet *unaturleg* om noko som er *uvanleg*! Eg visste lenge at eg hadde lyst til å dedisere masteravhandlinga mi til sidemålsundervisning. Som nynorskbrukar i bokmålsland synest eg at dette var eit interessant tema, og som framtidig norsklærer i Oslo-skulen såg eg utan tvil behovet for forskning på området. Likevel var det først då eg var på skulebesøk på Holmlia skole i januar 2008 at interessa mi for sidemålsundervisning og minoritetsspråklege blei vekt. På Holmlia er det sett i gang eit prosjekt som heiter Sidemålsløftet<sup>15</sup>, som går ut på å bruke nynorsk som undervisningsspråk og lærebokspråk i andre fag enn norsk. Både minoritets- og majoritetsspråklege elevar er med på dette prosjektet. Dei minoritetsspråklege som ønskjer det, får fritak for vurdering med karakter, men dei må likevel vere med på undervisninga og lære seg å skrive både bokmål og nynorsk slik som alle andre. Då eg snakka med nokre av lærarane som står bak dette prosjektet, fortalde dei at dei har inntrykk av at det ikkje er nokon særskild skilnad mellom desse to elevgruppene når det gjeld å lære seg nynorsk: Det finst mange flinke minoritetsspråklege elevar som ikkje har større problem med å lære seg nynorsk enn majoritetsspråklege har, og det er fleire som får glede og inspirasjon av å lære seg denne målforma. Torill Tørjesen, initiativtakar til prosjektet, skriv i Norsklæraren<sup>16</sup> at ho har opplevd fleire minoritetsspråklege elevar som har reagert negativt og undrande på at dei blir fritekne for vurdering i sidemål: «Elevar som følger vanlig norskundervisning, møter sentrale emner i norskfaget som språkhistorie,

15 Les meir om Sidemålsløftet på nettsidene til Nynorsksentret (2008)

16 2004

dialektlære og litteraturhistorie. Hvorfor skal ikke disse elevene få oppleve det helhetlige norskfaget slik som norske elever – der nynorsk er en naturlig del?»

Etter å ha snakka med lærarane på Holmlia byrja eg å tenkje meir over dette med fritak for vurdering i sidemål. Eg las meir om Sidemålsløftet og liknande prosjekt, studerte fritaksregelen, og kom fram til at denne tematikken var det få for meg som hadde studert<sup>17</sup>. Det låg ikkje føre noka forskning om denne regelen, verken om korleis han blir praktisert på dei ulike skulane, eller om korleis han faktisk fungerer. Eg byrja å grunne på fleire ting: Betyr fritak for vurdering i realiteten fritak for opplæring? I kor stor grad møter minoritetslevane eigentleg nynorsk i skulekvardagen sin? Kven er det som blir fritekne frå vurdering i sidemål? Er formuleringa i opplæringslova fornuftig, eller er ho ekskluderande? Og i tilfelle: for kven? Ei masteravhandling var i emning, og fem forskningsspørsmål blei formulerte:

Kva haldningar har lærarar i Oslo generelt til sidemålsundervisning?

Kva meiner lærarar i Oslo om fritaksregelen?

Kva for sidemålsundervisning får fritakselevane?

Kva oppfattar lærarar som positivt og negativt med fritaksregelen?

Kva innverknad kan fritaksregelen ha på haldningane elevane har til sidemålet sitt?

Eg bestemte meg for å nærme meg problemstillinga ved hjelp av metode-triangeling, ein kombinasjon av ulike data og metodar som kan belyse eit spesifikt sosialt fenomen frå ulike synspunkt og vinklar<sup>18</sup>. Både kvantitet og kvalitet var altså viktig. Eg bestemte meg derfor for å sende ut eit spørjeskjema til alle norskklærarar på ungdomstrinnet i Oslo og å intervjuje fem lærarar, for å få tilstrekkeleg empiri for å kunne svare på forskningsspørsmåla og problemstillinga. Hovudstaden blei vald som geografisk område på grunn av at det er her ein finn flest minoritetspråklege elevar. Når så mange som ein av fire elevar i Oslo-skulen er friteken, har lærarar i denne regionen mest sannsynleg breie røynsler med temaet. Lærarane i undersøkinga, både den kvalitative og den kvantitative, representerte skular med få, middels og mange minoritetspråklege elevar, og unge så vel som erfarne lærarar var med. Eg valde å fokusere på ungdomstrinnet, fordi det er her det er mest interessant å sjå på fritakspraksisen. Elevar i vidaregåande opplæring har nemleg automatisk rett til fritak dersom dei har hatt det på ungdomsskulen.

For detaljert informasjon om metode, utval, gjennomføring og koding av materialet vil eg tilrå å sjå på den fullstendige avhandlinga<sup>19</sup>. Eg vil òg presisere at alle funna i denne avhandlinga representerer det lærarar meiner og trur. Det vil vere

---

17 Benth Kolberg Jansson (2008) arbeidde likevel med problematikken rundt fritaksregelen parallelt med, men uavhengig av meg. Eg vil tilrå å lese innlegget hennar frå Internasjonal konferanse om lærarmangfald i ein fleirkulturell skule.

18 Grønmo 2004

19 Talsethagen 2008

vanskeleg og metodisk ukorrekt å trekkje slutningar om kva haldningar elevane faktisk har sjølve til dette, i og med at dei ikkje direkte er spurde. Det undersøkinga seier noko om, er korleis somme lærarar opplever elevane sine haldningar. Dette kan gi viktig informasjon om ein innfløkt situasjon. I neste omgang vil det for eksempel kunne vere interessant å undersøkje om lærarane sine haldningar og oppfatningar stemmer overeins med det elevane meiner. I det følgjande kapitlet vil eg samanfatte funna mine frå både den kvantitative og den kvalitative undersøkinga ved at eg svarer på forskingsspørsmåla.

Eit par presiseringar: Når eg legg fram det *respondentane* har svart, meiner eg dei som har svart på den anonyme spørjeundersøkinga. *Informantar* viser til dei lærarane som eg har intervjuet kvalitativt.

## 4.2 Forskingsspørsmåla

### 4.2.1 Kva haldningar har lærarar i Oslo generelt til sidemålsundervisning?

På dette området har det blitt gjort fleire undersøkingar før, mellom anna av Bjørn Slettemark i 2006. Han konkluderer med at over halvparten av lærarane i undersøkinga hans har ei meir negativ enn positiv haldning til nynorsk som sidemål, og eit klårt fleirtal av respondentane meiner at sidemålsordninga som ho er i dag, bør opphøyre. Empirien i undersøkingane mine kan stadfeste dette. Av spørjeskjemaa kan ein lese at mange lærarar (40 %) generelt sett ikkje liker å undervise i sidemål, og at så få som ein av fem ønskjer å halde på ordninga med skriftleg sidemålsopplæring. I dei kvalitative intervjuet meiner fleire av informantane at negative haldningar blant elevane kan vere ein grunn til det. Andre ser på det aukande talet av framandspråklege elevar og det faktum at norskfaget er for ambisiøst som årsaker. Somme meiner skriftleg sidemålsundervisning bør vere frivillig både på ungdomsskulen og i vidaregåande opplæring, og andre meiner det bør vere frivillig på ungdomsskulen, men obligatorisk seinare.

Mange lærarar verkar alt i alt å vere frustrerte over sidemålssituasjonen. Dette spesifikke forskingsspørsmålet tok sikte på å finne ut kva haldningar lærarar har til sidemålsemnet. Ei haldning har alltid fleire aspekt enn berre like- / ikkje like-dimensjonen<sup>20</sup>, men i denne samanhengen var spørsmålet om dei liker eller ikkje liker å undervise i sidemål. Nesten halvparten kryssa av for alternativet som tilseier at dei ikkje liker å undervise i sidemål. Sjølv om det i mange tilfelle er ein samanheng mellom å ikkje like noko og å ha negative haldningar til det, treng det ikkje nødvendigvis vere slik, særskilt ikkje i dette tilfellet. Det kan til dømes hende at somme liker nynorsk og sidemålsemnet godt, men at dei likevel ikkje liker å undervise i det, kanskje på grunn av at det kan vere tøft å stå imot dei negative haldningane frå elevane. Då har dei gjerne kryssa av i boksen som seier at dei ikkje liker å undervise i sidemål, sjølv om dei generelt sett er positive til det. Likevel viser empirien i undersøkinga at det er ein sterk samvariasjon mellom å

---

20 Sjå gjennomgang av haldningsomgrepet i Talsethagen 2008:48–54

vere positiv til sidemålsordninga, og å inkludere fritakselevane i den ordinære sidemålsopplæringa. Dei som inkluderer fritakselevane, gir i tillegg oftare skriveopplæring i sidemål enn dei som lagar separate opplegg for denne gruppa. Dette kan vere ein indikasjon på at like / ikkje like-dimensjonen kan ha mykje å seie når det gjeld å fastslå om vedkommande har positive eller negative haldningar til det. Dei som er negative til sidemålsundervisning generelt sett, og som skulle ønske at ingen elevar trong å lære seg å skrive sidemålet sitt, ser kanskje i mindre grad på det å organisere ei god sidemålsundervisning for fritakselevane som noko viktig og verdfullt å bruke tid på.

På mange måtar stadfester funna mine her det vi alt veit: Mange norsklærarar skulle ønske at det ikkje lenger var nødvendig med to karakterar i skriftleg norsk. Negative haldningar til nynorsk er utbreidd blant mange elevar, og det kan vere vanskeleg å få til ei god sidemålsundervisning. Det som kanskje er nytt, er at lærarane ser på det stadig aukande talet av elevar frå språklege minoritetar med krav på fritak, som noko som kan stå i veggen for ei god sidemålsundervisning generelt sett.

#### 4.2.2 Kva meiner lærarar i Oslo om fritaksregelen?

Sjølv om nær ni av ti respondentar meiner det er riktig at elevar frå språklege minoritetar kan bli fritekne frå vurdering i norsk sidemål, viser det kvalitative materialet at så godt som alle meiner det motsette, nemleg at fritaket ikkje er riktig. Denne diskrepansen kjem mest sannsynleg av uklåre spørsmålsformuleringar frå mi side. Informantane meiner nemleg at det er bra og riktig at *somme* kan bli fritekne frå karakter i norsk sidemål. Alle meiner det er positivt at dei svake minoritetsspråklege elevane får fritak for vurdering i fagemnet. Likevel meiner eit klårt fleirtal at fritaksregelen er for vid, og at han inkluderer både for mange og for få på same tid. På alle dei fem ulike skulane informantane jobbar på, er praksis at alle som har minst ein forelder som er fødd utanfor Noreg, har rett på fritaket. Som eit resultat av dette får mange elevar som i andre samanhengar aldri blir sedde på som minoritetsspråklege, fritak, nettopp på grunnlag av at dei er minoritetsspråklege.

Alle informantane er einige i at dei som konsekvent burde ha blitt fritekne, er dei svakaste elevane som slit med å oppretthalde ståkarakter i norsk. Dette treng ikkje nødvendigvis ha noko med språkleg bakgrunn å gjere. Sterke og svake elevar finst både blant dei minoritetsspråklege og dei majoritetsspråklege. Informantane gir uttrykk for at svake elevar, uansett språkbakgrunn, treng meir støtte og hjelp enn dei som er sterke.

Ein konklusjon er då at eit klårt fleirtal av lærarane meiner det er riktig med ein fritaksregel, samtidig som det viser seg at mange meiner at regelen ikkje er god i utforming og i praksis. Somme av dei minoritetsspråklege som får fritak, treng det ikkje, og på den andre sida er det fleire majoritetsspråklege som ikkje får fritak, sjølv om dei kunne ha trengt det. Sjølv om dei fleste respondentane i spørjeskjemaet har kryssa av for at dei meiner fritaket er riktig, har likevel ein tredjedel

